



# Årsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028

Kommunestyret 19. desember 2024



## Innhald

1.	Innleiing .....	4
1.2	Politisk organisering .....	6
1.3	Administrativ organisering .....	6
2.	Nasjonale forventningar .....	7
2.1	Kommunelova .....	7
2.2	Det økonomiske opplegget for kommunane 2025 .....	8
3.	Planmessige føresetnader .....	16
3.1	Planhierarki.....	16
3.2	Samfunnsplan .....	16
3.3	Strategisk grep for vegen vidare .....	17
3.4	Tillit, medverknad og handlingsrom – SK2027 .....	17
3.5	Miljømedvit og klimatiltak.....	20
	Prioriterte klimatiltak 2025-2028.....	21
4.	Økonomiske føresetnader og rammevilkår.....	24
4.1	Folketalsutvikling og utgiftsbehov.....	24
4.2	Lønns- og prisvekst.....	26
4.3	Pensjon .....	26
4.4	Renter .....	26
4.5	Overordna inntekter og utgifter .....	27
4.5.1	Eigedomsskatt .....	27
4.5.2	Andre generelle driftsinntekter.....	28
4.5.3	Finansielle inntekter og utgifter .....	30
4.6	Avsetning og bruk av fond.....	31
4.6.1	Disposisjonsfond.....	31
4.6.2	Bundne fond.....	32
4.7	Finansielle måltal.....	33
4.7.1	Netto driftsresultat.....	34
4.7.2	Disposisjonsfond.....	35
4.7.3	Utvikling av lånegjeld med gjeldsgrad.....	36
5.	Økonomisk bilde .....	38
5.1	Økonomisk bilde 2024.....	38
5.2	Strukturelle utgreiingar .....	39
5.2.2	Strukturutgreiingar – mindre omfang .....	40
5.2.3	Større utgreiingar .....	44
6.	Sektorområda .....	46

6.1 Administrasjon.....	46
6.1.1 Kort om sektoren.....	46
6.1.2 Satsingsområde .....	47
6.1.3 Konsekvensjusteringar av sektorrammer.....	47
6.2 Oppvekst.....	48
6.2.1 Kort om sektoren.....	48
6.2.2 Satsingsområde .....	48
6.2.3 Konsekvensjusteringar av sektorrammer.....	50
6.3 Helse og omsorg.....	51
6.3.1 Kort om sektoren.....	51
6.3.2 Satsingsområde .....	51
6.3.3 Konsekvensjusteringar av sektorrammer.....	53
6.4 Samfunn .....	54
6.4.1 Kort om sektoren.....	54
6.4.2 Satsingsområde .....	54
6.4.3 Konsekvensjusteringar av sektorrammer.....	55
6.5 Kraft.....	56
6.5.1 Kraft.....	56
6.5.2 Driftsbudsjett.....	56
6.6 Fellesområde pensjon og lønsavsetning .....	57
7. Løyvingsoversikter .....	58
7.1 Løyvingsoversikt drift .....	58
7.2 Løyvingsoversikt drift del 2.....	58
8. Investeringar.....	60
8.1 Investeringsprogram 2025 – 2028.....	60
8.2 Prosjektomtalar .....	63
9. Prishefte 2025 – regulering .....	67

## 1. Innleiing

Kommunedirektøren legg til grunn at årsbudsjettet 2025 og økonomiplan for 2025-2028 byggjer på realistiske prognosar på utgifter og inntekter. Budsjettet og økonomiplanen med driftsrammer og investeringsrammer er i balanse, men syner ei utvikling i dei finansielle måltala som ikkje er i samsvar vedtekne måltal. Dette har vore ei varsla utvikling over lang tid. Uføresette inntekter har i åra 2020-2023 utsett det økonomiske utfordringsbildet. Det makroøkonomiske biletet med auka rentekostnadar, relativt høg prisvekst og mindre global stabilitet, gir lite grunn til å tru at ein kan vente denne typen drahjelp i åra som kjem. Kommunen må tvert om bu seg på større økonomisk uvisse og meir drastiske endringar frå år til år.

Kommunedirektøren er saman med dei tillitsvalde samde i at arbeidet med å vri måten ein jobbar på, slik at me nyttar dei tilsette sin kapasitet og kompetanse best mogeleg, er den viktigaste oppgåva for kommunen, no og i åra som kjem. Det er gjennom å lukkast med det skape rammer for at dei tilsette kan løyse jobben sin på best mogeleg måte, med færrest mogeleg unødvendige hinder, at me vil klare å omstille oss til å møte den framtida som kjem - med færre hender, dårlegare økonomiske rammevilkår, og nye krav og forventingar til dei kommunale tenestene. Partssamarbeidet legg til grunn at alle løysingar må vurderast for å oppnå dette, også når det betyr organisatoriske endringar. Ved å sette innbyggjaren først, bruke det til å utfordre oss sjølv på måten me jobbar på og til slutt sette nye rammer saman med ei tydeleg hypotese som adresserer korleis – så vil ein kunne gjere kloke og opplyste val av løysingar, og sette desse raskt ut i live. I ein organisasjon som praktiserer tillitsbasert organisering, vil endringstakta alltid bli auka. Det er uunngåeleg fordi:

- Organisasjonen vil ha mykje større merksemd på å forstå og omsetje kontekst og innsikt, og som tilsett i ein organisasjon med eit tydeleg samfunnsoppdrag (som vår), så skal ein alltid søke dei beste rammene for jobben som skal gjerast.
- Dei tilsette bør alltid bry seg om sine rammer, og forstå dei så godt at ein kan utfordre dei der ein ser at det trengst. Saman med tilliten, kjem det også eit større ansvar for kvar enkelt tilsett til å forstå kvifor ein gjer som ein gjer, kjenne det formelle handlingsrommet, kva som er forventa at ein skal levere, og bruke det til å leie oppover. Forbetringar skjer alltid i lys av ein samla innsikt. I ein kommune er mykje gitt i samfunnsoppdrag, lover, reglar, politiske vedtak og føringar me må halde oss til. Denne forståinga må alle tilsette ha, slik at dei som er tettast på tenestene kan supplere den overordna innsikta med deira konkrete innsikt i kva som fungerer - og ikkje fungerer - i sin kvardag. Utan at denne innsikta kjem nedanfrå og opp, så vil me aldri kunne hente ut potensialet som ligg i alle tilsette si kollektive forståing og kraft.
- Alle kan bry seg om alt. I ein organisasjon som faktisk er bygd på tillit, så vil og kan, tilsette sjå moglegheiter og utfordringar også på andre område enn dei ein jobbar i sjølv. I ein toppstyrt og silobasert organisasjon vil det ofte bli oppfatta som utidig innblanding, men i ein tillitsbasert organisasjon så vil dei same initiativa bli ønska velkommen som nyttig innsikt, og i beste fall grunnlag for å tenke nytt rundt både rammer og gjennomføring.

Me er ikkje der enno, men desse tre punkta syner korleis den tillitsbaserte organisasjonen skil seg frå den toppstyrte i praksis - og ikkje minst i potensiale.

Vegen fram til ein slik form for tillitsbasert organisasjon vil vere både lang og humpete, difor er det spesielt viktig at ein rustar organisasjonen til at ein kan hjelpe kvarandre - på tvers av sektorar og nivå - i tida framover. Det å sortere rammer frå korleis me løyser oppgåvene, er ein ny måte å tenke på for mange. Vegen vidare vil ha prosessar slik at ein kan verte trygge - i sitt eige tempo. Ein har blitt samde om følgjande føresetnader for arbeidet:

- alle prosessar skal vere nedanfrå og opp
- alle deltakarane i partssamarbeidet er solidarisk ansvarleg for å informere, kommunisere og gje kontekst til sine
- tidleg medverknad betyr at ein startar med å identifisere og forstå problema i fellesskap
- me skal snakke med kvarandre, ikkje om kvarandre
- me skal bruke partssamarbeidet – på alle nivå – til å utvikle oss i lag som gruppe
- me står oftare saman om sakene me jobbar med
- me viser fram fleire gode døme
- me gjennomfører undersøkingar av korleis partssamarbeidet fungerer/vert opplevd

Bakteppet for dette er at partssamarbeidet er samde om:

- den beste innsikta kjem nedanfrå og opp, ikkje ovanfrå og ned
- partane i partssamarbeidet ikkje er motstandarar, men kvarandre sine viktigaste medspelarar
- tillit er å handle slik ein snakkar, når ein syner det over tid får ein tillit tilbake


Ved å sette innbyggjaren først, bruke det til å utfordre oss sjølv på måten me jobbar på, og til slutt sette nye rammer saman med ei tydeleg problemhypotese som adresserer korleis - så vil ein kunne gjere kloke og opplyste val av løysingar, og sette desse raskt ut i live.

Årsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 består av fem delar:

- Innleiing med planmessige og økonomiske føresetnader
- Driftsdel med hovudoversikter og sektorområda sine budsjett
- Investeringsdel med investeringsprogram for planperioden
- Klimabudsjett 2025-2028
- Prishefte 2025


## 1.2 Politisk organisering

Kommunestyret i Sogndal har 31 medlemmar og er organisert etter formannskapsmodellen.



## 1.3 Administrativ organisering

Hausten 2023 gjorde kommunen ei organisatorisk endring av sektorane. Sektor plan og teknisk og samfunn, næring og kultur er samanslegne under namnet samfunn. Endringa er implementert fullt ut budsjetteknisk i 2025. Sogndal kommune er p.t. organisert i tre sektorar samt to støttetjenester, jf. organisasjonskart:



## 2. Nasjonale forventningar

Regjeringa la i juni 2023 fram nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje berekraftig utvikling i heile landet. Regjeringa skal kvart fjerde år revidere retningslinjene. Dette er forankra i plan og bygningslova §§ 3-5 og 6-1. Dei nasjonale forventningane skal følgast opp i kommunen sitt arbeid med planstrategi og planar, og bli lagt til grunn for staten sin medverknad i kommunal planlegging.

I forventningsdokumentet for 2023-2027 tek regjeringa utgangspunkt i desse fem overordna perspektiva:

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

Under kvart av perspektiva er det konkrete forventningspunkt, til saman 72 punkt. Planlegging er eit viktig verktøy for å følgje opp forventningane.

Statsforvaltaren har i sin uttale til kommunal planstrategi for Sogndal kommune i brev 07.05.24 vist til desse nasjonale føringane. Statsforvaltaren har i tillegg trekt fram nokre tema som i hovudsak inngår i dei nasjonale forventningane, men som dei meiner er viktige;

- landbruk og jordvern
- bustadsosial planlegging
- folkehelse og sosial utjamning
- barn og unge sine oppvekstvilkår - førebygging
- aldersvenleg samfunnsplanlegging og universell utforming
- personar med nedsett funksjonsevne
- samfunnstryggleik og beredskap
- rydding i gamle reguleringsplanar

### 2.1 Kommunelova

#### § 1-1 Lova sitt formål

*Loven skal legge til rette for at kommuner og fylkeskommuner kan yte tjenester og drive samfunnsutvikling til beste for innbyggerne. Loven skal også legge til rette for kommunenes og fylkeskommunenes utøvelse av offentlig myndighet. Videre skal loven bidra til at kommuner og fylkeskommuner er effektive, tillitsskapende og bærekraftige.*

Krav til økonomistyring:

§ 14-1 Grunnleggende krav til økonomiforvaltningen (generalbestemmelsane):



- *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.*
- *Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.*
- *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.»*

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar, måla og premissane som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Økonomiplanen og årsbudsjettet skal setjast opp i balanse og vere realistiske, fullstendige og oversiktlege.

Det er vidare lovfesta at kommunestyret sjølv skal vedta budsjett, økonomiplan og finansielle måltal. Oppfølging av måltala føreset at handlingsreglar vert lagt til grunn for økonomiplanlegginga.

Handlingsreglane bør minimum ta for seg desse storleikane:

- fondsreservar
- likviditet
- langsiktig gjeld

Kommunane har sjølv ansvaret for god økonomistyring. Kommunar med sunn økonomi og eit handlingsrom vil kunne møte innstrammingar eller uføresette hendingar ved å redusere driftsresultatet eller bruke tidlegare avsetningar, utan at det får direkte konsekvens for tenestenivået. Økonomiplanen er eit sentralt styringsverktøy for ressursstyring. Økonomiplanen skal ta utgangspunkt i kommuneplanen sine langsiktige mål, strategiar og utfordringar og seier korleis kommunen skal bruke sine ressursar for å nå vedtekne mål. Økonomiplanen gjev såleis retning for utvikling av kommunen sine tenestetilbod og retning for samfunnsutviklinga.

## 2.2 Det økonomiske opplegget for kommunane 2025

### Nytt inntektssystem

Regjeringa sitt framlegg til nytt inntektssystem for kommunar og fylkeskommunar gjeldande frå 2025, vart vedteke av Stortinget i kommuneproposisjonen for 2025. Det vart samtidig vedteke at det nye inntektssystemet for kommunane skal evaluerast i løpet av 2029. Nytt inntektssystem er innarbeidd i statsbudsjettet for 2025 med fulle verknader frå 2026.

### Statsbudsjettet 2025

Regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett 2025 vart lagt fram 7. oktober. I tillegg til rammer for rammetilskot og skatteinntekter (frie inntekter), omtalar framlegget ulike satsingar og verkemiddel som er relevante for kommunane. Fleire ordningar er søknadsbaserte/øyremerka.



## Frie inntekter – rammetilskot og skatteinntekter

### *Statsbudsjettet 2025*

Framlegget frå regjeringa legg opp til ein realvekst i kommunesektoren sine frie inntekter på 6,8 mrd. kr, noko som svarar til ein realvekst på 1,3 prosent frå revidert nasjonalbudsjett (RNB) 2024 (primærkommunane 5,15 mrd., 1,2 prosent). Veksten er 0,4 mrd. kr høgare enn det som vart varsla i kommuneproposisjonen. Samstundes er anslaget for meirkostnadane til pensjon 0,7 mrd. kr lågare. Men ny offentleg avtalefesta pensjon (AFP), som blir innført frå 1. januar 2025 og inngår i pensjonspremieane som kommunane skal betale i 2025, er ikkje innarbeidd i statsbudsjettet. Regjeringa vil kome tilbake til verknader av dette i revidert nasjonalbudsjett for 2025.

Innanfor veksten til kommunane er om lag 1,7 mrd. kr grunngeve med omlegginga av inntektssystemet, 250 mill. kr knytt til bemanning i barnehagar og 150 mill. kr til opptrappingsplanen for psykisk helse. Satsinga på psykisk helse er ny samanlikna med kommuneproposisjonen. Dette støttar opp om arbeidet kommunen allereie er i gang med for å utvikla og styrkja gode lågterskeltilbod i kommunen. Eksempelvis aktivitetshus og teamet for rask psykisk helsehjelp.

Med den føreslegne veksten vil kommunesektoren få eit handlingsrom utover demografi og pensjon på 3,6 mrd. kr. Av dette får kommunane 3,1 mrd. kr, noko som er 0,8 mrd. kr høgare enn handlingsrommet som vart lagt til grunn i kommuneproposisjonen. Inntektsveksten er rekna frå inntektsnivået i 2024, slik det vart anslått etter stortingsbehandlinga av RNB for 2024.

Frå anslag rekneskap 2024 til statsbudsjettet 2025 er oppgåvekorrigert vekst i frie inntekter nominelt berekna til 5,8 prosent for kommunane. Veksten for Sogndal er 5,6 prosent. Nominell vekst i frie inntekter må sjåast i samanheng med at pårekna løns- og prisvekst for kommunane er 4,1 prosent for 2025, fordelt på årslønsvekst 4,5 prosent (ca. 60 prosent av kommunal deflator) og prisvekst på 3,5 prosent.

I tillegg til realveksten i frie inntekter er rammetilskotet auka netto med 3,4 mrd. kr (2025-prisar) for å finansiere oppgåveendringar og korreksjonar. For dei endringar og korrigeringsar som gjeld Sogndal kommune, er det teke omsyn til i konsekvensjusteringar av sektorrammene. Korrigeringsane gjeld

- heilårseffektar for
  - redusert foreldrebetaling barnehage innført frå 01.08.2024
  - gratis halvdagsplass SFO for tredje trinn innført hausten 2024
  - ny opplæringslov
  - auke av minstesatsen i kvalifiseringsprogrammet frå 01.07.2024
- reduksjon i rammetilskotet knytt til nytt prøvegjenomføringssystem grunnskulen
- kompensasjon for vaksinasjonsprogram mot covid-19 og pneumokokk
- endringar i folketrygdlova for å ha rett til eingongsstønad ved fødsel og adopsjon.

- fosterforeldre som er frikjøpt frå vanleg jobb skal kompensera for manglande opptening av tenestepensjon frå 2026
- overgangsordning for spesialiserte fosterheimar
- departementet si ramme for tilbakehaldne skjønnsmidlar vart redusert i 2024 som eit eingongstiltak og er dermed tilbakeført i 2025
- uttrekk av kommuneramma som følgje av at det har blitt fleire elevar i statlege og private skular.

Regjeringa har i framlegget til statsbudsjettet innarbeidd omlegging av inntektssystemet i tråd med det som var føreslått i kommuneproposisjonen. Dei viktigaste endringane er:

- Utgiftsutjamninga og kostnadsnøkklane blir oppdaterte på grunnlag av faglege analysar og den faktiske utviklinga i kommunanes utgifter
  - leveårskriterium får auka vekt (delkostnadsnøkkel sosial, barnevern, kommunehelse)
  - reduksjon i vekt på kriteriet for personar med psykisk utviklingshemming (PU) 16 år og over (samanheng med toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester)
  - generelt noko høgare vekt for alderskriteria for innbyggjarar under 67 år og lågare vekt for innbyggjarar over 67 år
  - delkostnadsnøkkel grunnskule – noverande alderskriterium 6-15 år blir delt i to (6-12 år og 13-15 år)
  - alle kommunar får fullt basistilskot.

Fordelingsverknader av endringane gir ulike resultat, men endringane innanfor pleie- og omsorg er dei viktigaste og gir dei største verknadane for dei fleste kommunane. Oppsummert har ny kostnadsnøkkel (utgiftsutjamninga), endringar i tabell-C og endra toppfinansieringsordning samla sett ein negativ effekt for Sogndal kommune (- kr 203 per innbyggjar).

- Regionalpolitiske tilskot (distriktstilskot) etter oppdatert distriktsindeks og ny inntektsgrense
- Regionsentertilskotet for samanslegne kommunar vert avvikla
- Tapskompensasjon for samla endringar i inntektssystemet
- Toppfinansieringsordninga (øyremerka tilskot) for ressurskrevjande tenester – ny modell som i større grad skal kompensere kommunar som har høge utgifter til tenester per innbyggjar.
- Skatteinntekter
  - Utbytteinntekter og andre finansinntekter skal ikkje lenger inngå i kommunane sitt skattegrunnlag. All skatt på desse inntektene skal gå til staten.
  - Kommunane sine inntekter frå formueskatten skal halverast over ein to-års periode ( $\frac{1}{4}$  i 2025 og  $\frac{1}{4}$  i 2026). Dette blir gjort gjennom ein reduksjon i maksimalsatsen for kommunal formueskatt og ein tilsvarande auke i den statlege skattesatsen. For 2025 er den kommunale formueskattesatsen redusert frå 7 promille til 5,25 promille.
  - Ettersom skatteinntekter framleis skal utgjere 40 prosent av kommunane sine samla inntekter, må kommunane sitt inntektsbortfall frå skatt på eigarinntekter og formueskatt kompensera med ein auke av skatteinntektene frå alminneleg inntekt ekskl. eigarinntekter. Dette skjer gjennom fastsetjing av kommunal maksimalsats for inntektsskatt

(skatteøyret), som i 2025 er føreslege auka med 1,8 prosent til 12,75 prosent.

- Det vert ikkje gjort endringar i sjølve modellen for inntektsutjamninga, men den symmetriske delen av inntektsutjamninga vert auka frå 60 til 64 prosent. Endringa blir innført over to år, gjennom at inntektsutjamninga for 2025 vert auka til 62 prosent og deretter 64 prosent frå 2026. Tilleggskompensasjonen for lågt skattenivå (under 90 prosent av landsgjennomsnittet) vert vidareført som no.

Forventa lågare skatteinngang i 2024 på 2 mrd. kr er berekna etter at RNB var framlagt, og vil derfor ikkje påverke nivået på frie inntekter i 2025. I tillegg viser skatteinngangen i september ein betydeleg svakare utvikling enn for dei tidlegare månadane. I tilleggsproposisjonen til statsbudsjettet 2025 viser regjeringa til at oppdaterte berekningar tilseier ein samla skattesvikt for kommunesektoren på 5 – 7 mrd. kr i 2024.

### **Tilleggsproposisjon til statsbudsjettet**

Regjeringa fremja 1. november eit tillegg til statsbudsjettet som inneber auka løyvingar for kommunane med 4,3 mrd. kr frå og med 2025. Det er framlegg om at auken blir fordelt med eit likt beløp per innbyggjar etter folketal 01.07.2024. For Sogndal kommune betyr dette ein auke (realvekst) i rammetilskotet på 9,5 mill. kr. I tillegg til har regjeringa oppjustert rammetilskotet til kommunane med 198 mill. kr fordelt etter delkostnadsnøkkelen for barnehage. Oppjusteringa kjem av at heilårseffekt av forventa auke i etterspurnad av barnehageplassar som følgje av endra kontantstøtte ikkje var med i framlegg til statsbudsjett. For Sogndal utgjør dette kr 512 000, slik at samla auke blir 10,035 mill. kr i 2025. Auken inneber ein varig auke av kommunanes frie inntekter, og frå 2026 er den innarbeidd som ein oppjustering innbyggjartilskot og skatteinntekter. Endringa er då også innarbeidd i utgiftsutjamninga. Auken visast difor ikkje frå 2026 som eigne talstorleikar, men fordelt ut nasjonalt etter inntektssystemet der 1,8 mrd. kr er lagt inn som oppjusterte skatteinntekter, medan resterande er lagt som auka innbyggjartilskot med utgiftsutjamning. Endringar for Sogndal kommune er lagt inn i tabellen under.

## Sogndal kommune – føresetnader for frie inntekter

I berekninga og budsjetteringa av frie inntekter legg kommunen til grunn KS (kommunesektorens interesseorganisasjon) sin prognosemodell, utarbeidd etter framlagt statsbudsjett og tilleggsproposisjon.

Sogndal kommune (1000 kr)	2025 KS-prognose etter framlegg statsbudsjett	2026 KS prognose	2027 KS prognose	2028 KS prognose
Innbyggjartilskot	388 366	394 316	394 338	394 366
Utgiftsutjamninga	39 111	39 522	39 523	39 524
Overgangsordning - INGAR	- 1 495	- 864	- 617	- 494
Saker særskild fordeling	15 763	15 763	15 763	15 763
Inndelingstilskot	49 343	49 343	49 343	49 343
Sør-Norge tilskot	-	-	-	-
Regionsentertilskot	-	-	-	-
Veksttilskot	-	-	-	-
Ordinært skjønn	5 400	5 400	5 400	5 400
Stortinget saldering 2024- statsb.	-			
Nysaldering 2024				
Tilleggsinnstillinga for 2025- statsb.	10 035			
RNB 2018 - 2024	-			
<b>Sum rammetilskot utan inntektsutjamning</b>	<b>506 523</b>	<b>503 480</b>	<b>503 750</b>	<b>503 902</b>
Netto inntektsutjamning	39 511	36 968	36 968	36 968
<b>Sum rammetilskot før ekstra skjønn frå statsforvaltaren</b>	<b>546 034</b>	<b>540 448</b>	<b>540 718</b>	<b>540 870</b>
rammetilskot prosentvis endring	1,6			
Skatt på formue og inntekt	450 124	459 039	459 039	459 039
Naturressursskatt	6 621	6 801	6 801	6 801
<b>Sum skatteinntekter</b>	<b>456 745</b>	<b>465 840</b>	<b>465 840</b>	<b>465 840</b>
skatteinntekter prosentvis endring	15,8			
<b>Sum skatt og rammetilskot ekskl. ekstra skjønn statsforvaltaren</b>	<b>1 002 779</b>	<b>1 006 288</b>	<b>1 006 558</b>	<b>1 006 710</b>
Sum rammetilskot og skatt prosentvis endring	7,6			

## Føresetnader for rammetilskotet

Innbyggjartilskotet er eit likt beløp per innbyggjar for alle kommunane, kr 31 470 etter framlagt statsbudsjett. Gjennom utgiftsutjamninga får kommunane full kompensasjon for skilnader i kostnader som dei sjølve ikkje kan påverke ved å gi innbyggjarane tenester. Grunnlaget for omfordeling i utgiftsutjamninga er utgiftsbehovet per innbyggjar for landsgjennomsnittet (kr 71 672) og den enkelte kommune. Sogndal har eit berekna utgiftsbehov per innbyggjar på kr 74 112, som er 3,4 prosent (kostnadsindeks på 1,034 mot landsgjennomsnittet 1,00) høgare enn landsgjennomsnittet, og utgjer ein differanse mot landet på kr 2 441 per innbyggjar. Dette betyr at kommunen får eit tillegg til innbyggjartilskotet med dette beløpet, og totalt utgjer det 30,1 mill. kr i 2025. Kostnadsindeksen i 2024 er 1,041.

Korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular inngår i utgiftsutjamninga. Etersom Sogndal ikkje har slike skular, får kommunen kompensert 9 mill. kr gjennom ordninga frå trekk i kommunar som har elevar i statlege og private skular og som blir fordelt (landssummen) ut at til alle kommunar etter kommunen sin del av berekna utgiftsbehov.

**Innbyggjartilskotet og utgiftsutjamninga** er for Sogndal kommune vidareført til åra 2026-2028 med uendra folketal og kriteriedata-/verdiar frå 2025, men med oppjusteringar (ramme og skatt) etter tilleggsproposisjonen framlagt 1. november.

**Overgangsordninga INGAR** skal sikre at kommunar ikkje får for stor nedgang i inntektene frå eit år til det neste. Alle kommunar er med å finansiere ordninga gjennom eit like stort trekk per innbyggjar, som i 2025 vert kr 121. Sogndal har ein berekna vekst (kr 1 390) frå 2024 til 2025 per innbyggjar som ligg over landsgjennomsnittet, og kommunen netto finansierer dermed ordninga med 1,5 mill. kr. Det er fleire variablar i inntektssystemet som vil påverke INGAR frå 2026, og anslaga vidare vert derfor usikre. M.a. fører omlegging av inntektssystemet at fleire kommunar er omfatta av INGAR i 2025, men det er venta at allereie frå 2026 er trekket er tilbake på eit nivå ein er vant til.

Nokre enkeltsaker blir ikkje fordelt etter dei ordinære kriteria til inntektssystemet, men vert gitt i ei særskild fordeling. Sogndal kommune får 65,1 mill. kr i tilskot etter særskild fordeling, der inndelingstilskotet utgjer 49,3 mill. kr. Inndelingstilskotet er ei kompensasjonsordning for kommunar som slår seg saman og blir kompensert for ein reduksjon i rammetilskotet som følgje av samanslutninga. Sogndal har fått fullt inndelingstilskot frå 2020 og med dagens reglar varer det fram t.o.m. 2034, deretter vert det gradvis trappa ned over fem år.

Andre tilskot som får ei særskild fordeling er; midlar til helsestasjon- og skulehelsetenesta (2,6 mill. kr), tilbakeføring av halvparten av fordelingsverknaden av at PU-kriteriet er vekta ned i utgiftsutjamninga (1 mill. kr), grunnskuletilskot med kr 563 511 per skule (5,1 mill. kr), innføring av redusert maksimalpris i barnehage for kommunar i sentralitet 5 og 6 (3,8 mill. kr) og vekst i frie inntekter fordelt etter inntektsnivå knytt til innføring av nytt inntektssystem (3,2 mill. kr).

Det **regionalpolitiske Sør-Norge** tilskotet tek utgangspunkt i distriktsindeksen, eit verktøy for å peike ut distriktskommunar og viser graden av distriktsutfordringar til desse kommunane. Indeksen måler og er samansett av SSB sin sentralitetsindeks

(40 prosent vekt), folketalsvekst siste ti år (40 prosent), sysselsetjingsvekst siste ti år (10 prosent) og ein-sidig næringsstruktur (10 prosent). Indeksen gir ein rangering av kommunane etter graden av distriktsutfordringar, der kommunar med lågast verdi har dei største utfordringane. I statsbudsjettet for 2025 er distriktsindeksen for 2023 nytta. Grensa for å få tilskot for kommunar i Sør-Norge med over 3200 innbyggjarar er ein indeks under 58. Sogndal har ein berekna indeks på 64, og er dermed ein kommune med lågare/mindre distriktsutfordringar enn grensa som er sett etter distriktsindeksen.

**Regionsentertilskotet** var eit tilskot til nye samanslåtte kommunar med over 8000 innbyggjarar etter kommunereforma. Tilskotet blir avvikla frå og med statsbudsjettet for 2025, gjennom at sum tilskot for alle kommunane er lagt inn og fordelt i innbyggjartilskotet. Sogndal fekk 4,5 mill. kr i tilskot i 2024, som ikkje vert vidareført for 2025.

**Veksttilskotet** er eit tilskot til kommunar med særleg høg folketalsvekst. Tilskotet blir gjeve til kommunar som gjennom den siste treårsperioden (2021-24) har hatt ein gjennomsnittleg folketalsvekst på 1,4 prosent eller meir og skatteinntekter under 140 prosent av landsgjennomsnittet. Tilskotet blir tildelt som eit fast beløp på kr 23 364 per nye innbyggjarar ut over vekstgrensa (reduisert med 2/3 frå 2025). Sogndal har hatt ein gjennomsnittleg folketalsvekst gjennom siste treårsperiode på 1,05 prosent.

**Skjønstilskotet** vert brukt til å kompensere kommunar for lokale tilhøve som ikkje vert fanga opp i den faste delen av inntektssystemet. Ramma for skjønnsmidlar til Vestland er 139,1 mill. kr, det same som i 2024. Av denne ramma har Statsforvaltaren i Vestland fordelt 110,7 mill. kr i ordinære skjønnsmidlar gjennom statsbudsjettet, og Sogndal har fått tildelt eit ordinært skjønnsstilskot på 5,4 mill. kr, det same beløpet som i 2024. Bakgrunnen med grunngjeving for skjønnsstilskotet går fram av brev om fordeling av skjønn i statsbudsjettet 2025. Skjønnsstilskot fordelt til kommunar kan av ulike årsaker endre seg mellom år, men i framlegg til økonomiplan er tilskotet til Sogndal vidareført med 2025-beløpet i heile perioden.

### **Oppsummering rammetilskot**

I framlegg av budsjett- og økonomiplan 2025-2028 har Sogndal kommune lagt til grunn kommunesektorens interesseorganisasjon (KS) sin prognosemodell, som byggjer på det framlagte statsbudsjettet med tilleggsproposisjonen. I modellen er det ikkje lagt inn noko realvekst i frie inntekter for perioden 2026 – 2028 (faste prisar). Med unntak av folketal per 01.01.2025, er modellen utarbeidd med uendra folketal og andre kriterieverdiar frå 2025 til åra 2026-2028. Framskrive folketal til 01.01.2025 tek utgangspunkt i SSB sine folketalsframskrivingar frå juni 2024 og MMMM alternativet.

I rammetilskotet er to tilskot der kommunen sjølv har lagt inn eigne føresetnader for vidareføring frå 2026, dette er INGAR og skjønnsstilskotet frå Statsforvaltaren.

### **Føresetnader for skatteinntekter**

I tidlegare prognosemodellar frå KS har anslaga for skatt teke utgangspunkt i den enkelte kommune sitt nivå på skatteinntekter samanlikna med landet for dei tre siste kjende skatteåra. Ei slik tilnærming er vanskeleg å nytte med dei omleggingane som er gjort i skattegrunnlaget for 2025, særleg sidan eigarinntektene (utbytte) har variert mykje dei siste tre åra som følgje av endra skattereglar. Følgjande er lagt til grunn for estimat for skatteinntekter på kommunenivå (vidareføring frå kommuneprop. 2025):

- for 2025 er det teke utgangspunkt i skatteåret 2023. Dette grunnlaget er justert på følgjande måte:
  - naturressursskatten er vidareført uendra frå 2023 til 2025, for Sogndal utgjer den 6,6 mill. kr
  - 25 prosent av kommunen sine formueskatteinntekter frå skatteavrekninga for 2022 er tatt ut av skattegrunnlaget
  - eit beløp tilsvarande skatt på eigarinntekter for skatteåret 2022 er korrigert ut
  - samla provent frå skatt på alminneleg inntekt er på landsbasis oppjustert tilsvarande reduksjonen i formue- og eigarinntektsskatten.

Justert skattegrunnlag frå 2023 (ekskl. naturressursskatt) er deretter justert opp slik at anslaget for skattenivået i 2025 på kommunenivå gir ei samla ramme for alle kommunane sine skatteinntekter (ekskl. naturressursskatt). Naturressursskatten er deretter lagt til og fordelt mellom kommunane ut frå gjennomsnittlege naturressursskatteinntekter i siste tre års periode.

For 2026 og påfølgjande år er det med utgangspunkt i ny informasjon frå skatteetaten teke utgangspunkt i skatteinntekter frå 2022 for skatteåret 2022 (siste år med denne type data). Dette grunnlaget er så justert slik:

- anslag for naturressursskatten tek utgangspunkt i inntektene frå naturressursskatt i 2023, oppjustert med 2,7 prosent, som har samanheng med at det i statsbudsjettet er framlegg om ein auke i skattesatsen frå 1,1 øre til 1,13 øre per kWt. Ettersom naturressursskatten er ein etterskotsskatt, vil inntektsauken i kommunerekneskapen først kome i 2026.
- 50 prosent av formueskatten er trekt ut av skattegrunnlaget
- skatt på eigarinntekter er i heilskap trekt ut av skattegrunnlaget
- skattegrunnlaget er etter desse korrigeringsane oppjustert proporsjonalt for alle kommunane for å kompensere for inntektsbortfallet frå formueskatt og eigeninntekter
- skatteanslaget er så kalibrert opp til eit samla skatteanslag for landet.

Med denne tilnærminga er det lagt til grunn at omlegginga i det kommunale skattegrunnlaget er forventa å få fullt gjennomslag frå og med 2026.

I KS-modellen (oppdatert etter endringar i skattegrunnlaget) er det for Sogndal berekna ein forventa skattevekst i 2025 på 14,9 prosent, mot eit landsnivå på 8,3 prosent (oppdatert etter skatteinntekter for september 2024).

Inntektsutjamninga er justert i tråd med endringar i inntektssystemet, som betyr 62 prosent symmetrisk utjamning i 2025 og 64 prosent i 2026 (opp frå 60 prosent).

For Sogndal kommune er prognosen for skatteinntekter i prosent av landsgjennomsnittet per innbyggjar 87,6 prosent. Tilsvarande prognose for 2024 er 82,7 prosent. Etter inntektsutjamninga er tilsvarande tal 95,2 prosent og 94,3 prosent. For 2026 er berekninga 95,7 prosent.



## 3. Planmessige føresetnader

### 3.1 Planhierarki

**Samfunnsplanen** ligg øvst i planhierarkiet og gjeld alt kommunen gjer. I tillegg spelar den opp til innbyggjarane og alle andre aktørar i kommunen. Planen har eit ti-årsperspektiv og vert rullert kvart fjerde år. Samfunnsplanen skal etter lova ha ein handlingsdel. I Sogndal kommune er økonomiplanen handlingsdelen.

**Arealdelen** av kommuneplanen, med påfølgjande områdeplanar og detaljreguleringsplanar, set rammene for framtidig arealbruk i kommunen. Arealdelen har som hovudregel eit ti-årsperspektiv, og vert rullert kvart fjerde år.

**Strategiar** er politisk forankra styringsdokument. Døme er planstrategi, kulturstrategi, digitaliseringsstrategi, oppfølgingsplan for heilskapleg ROS-analyse og strategi for bustad, arbeid, klima og transport (BAKT). Strategiane gjeld som hovudregel for fire år eller meir. Planstrategien skal utarbeidast første år i kommunestyreperioden og gjeld som hovudregel ut perioden.

**Økonomiplanen** er ein langsiktig plan for kommunen sine økonomiske prioriteringar. Økonomiplanen gjeld for fire år og vert rullert kvart år saman med utarbeiding av årsbudsjett.

### 3.2 Samfunnsplan

I juni 2021 vedtok kommunestyret ny samfunnsplan. Denne legg dei overordna føringane for alt arbeid som Sogndal kommune skal gjere, og for korleis samfunnet skal utvikle seg i åra framover. Samfunnsplanen har tre overordna mål som skal ramme inn all aktivitet. Desse tre måla kan brukast til å kontrollere om det me gjer, måten me gjer det på og retninga me går er med på å bygge opp under **skaparkraft, livskvalitet og miljømedvit**. Samfunnsplanen er planlagt rullert i 2025.

#### Mål og satsingar i samfunnsplanen

Det viktigaste for ein kommune er å levere på samfunnsoppdraget: Leverer tenester, utøve mynde og bidra til ei samfunnsutvikling som gir innbyggjarane moglegheit til **å leve gode, aktive og trygge liv**. Det betyr at innbyggjarane skal oppleve eit samfunn der ein kan få leve livet slik det passar ein best, at ein er ein viktig del av eit samfunn der ein bryr seg om kvarandre. Innbyggjaren skal kjenne seg sett og høyrte i møte med kommunen.

Sogndal skal nå måla gjennom å jobbe systematisk med satsingsområda i samfunnsplanen:



- **Best på oppvekst**
- **Skapt for aktiv livsstil**
- **Kompetansemiljø i eliteserien**
- **Fruktbare tettstader**
- **Utviklingslokomotiv i Sogn**

Satsingsområda skal gi overordna retning. Dei peikar retning og seier noko kva område Sogndal særleg må lukkast med for å få ei ønska utvikling i perioden. Samfunnsplanen skal vere retningsgjevande og overordna, der summen av budsjett og økonomiplan er handlingsdelen til samfunnsplanen, som syner korleis den vert sett om til handling og praksis.

### 3.3 Strategisk grep for vegen vidare

I budsjett 2024 vedtok kommunestyret å prioritere områda under som oppfølging av samfunnsplanen. Dette er område som krev langsiktig arbeid og ein vidareføre desse for 2025:


- **innsikt og arbeid med klimatiltak**
- **få fram barnet si røyst rundt eiga utvikling**
- **vidareutvikling av omsorgstrappa**
- **rekruttering av fagfolk og tilrettelegging for at dei som treng det mest kan delta fullt ut i samfunnet**

### 3.4 Tillit, medverknad og handlingsrom – SK2027

I 2024 har heile organisasjonen bidrege til å gi eit samla bilde av eigen praksis, som første steg i arbeidet med SK2027. Det er ein føresetnad for å kunne gjere medvitne val om kva som skal halde fram som i dag, kva som trengst justering, kva me bør slutte med og kva som trengst å forankrast betre. Sogndal kommune består av eit stort tal oppgåver som vert løyst kvar einaste dag. Ved å forbetre kvar enkelt av desse er potensialet stort for kunne hente ut gevinst i form av meir effektiv ressursbruk, klokare val og betre tenester for innbyggjarane. Det vil også gjere det meir attraktivt å vere på jobb – dei som har reell påverknad på eigen arbeidskvardag trivst betre, er mindre sjuke og engasjerer seg meir.

Samstundes har kunnskapsgrunnlaget identifisert nokre meir grunnleggande og bakanforliggende utfordringar i måten me driv kommunen på. Dette må løysast samtidig dersom me skal ha handlingsrom til å levere på samfunnsoppdraget også i framtida. Denne innsikta kan kort oppsummerast i desse punkta:

- **Greie ut strukturendringar:** Sogndal har ein fordyrande og lite hensiktsmessig struktur på tenester, bygg og funksjonar samanlikna med kommunar me skal kunne samanlikne oss med. Dagens situasjon er konsekvensen av val som var teke under heilt andre føresetnadar. Det er avgjerande at det vert gjort konkrete utgreiingar som ser på kva som er hensiktsmessig struktur gjeven dagens og framtidens omgjevnadar. Ein betydeleg del av kommunen sitt kort- og langsiktige handlingsrom er knytt til dette punktet.



- **Endre måten me jobbar på:** Det tradisjonelle organisasjonskartet, med sektor- og tenesteinndeling, står ofte i vegen for rasjonell drift og dei tilsette sitt rom for å utøve fagkompetansen sin og sunn fornuft. Meir samarbeid på tvers, større evne til å forstå og ta omsyn til innbyggjarane, og behovet for å søke dei rasjonelle økonomiske løysingane på tvers av dagens budsjetttrammer er påtrengande. Kostnaden av manglande samhandling er uråd å rekne på, men omfanget er stort. Det vil krevje tydeleg politisk forankring, og at ein står fast på det grunnleggande prinsippet om at samfunnsoppdraget og innbyggjarsperspektivet må komme først.
- **Sikre at kommunen skal vere ein attraktiv arbeidsplass for å behalde og rekruttere tilsette:** I løpet av dei neste fem åra vil kommune-Noreg mangle 150 000 tilsette, dersom ein held fram som i dag. Det betyr at rekruttering, og i kva grad Sogndal kommune er ein attraktiv arbeidsplass for dei som skal stå i arbeidslivet i åra som kjem, vil vere ein kritisk faktor for evna til å kunne gje lovpålagde tenester til innbyggjarane. Utfordringa er tydeleg til stades i fleire delar av organisasjonen i dag, og utgjør ein vesentleg del av forklaringa på meirforbruket i både helse, omsorg og barnehage. Dersom ein ikkje lukkast, vil dei kostnadane auke i omfang og utbreiing.
- **Meir samarbeid:** Sogndal er den klart største kommunen i sogneregionen, men i nasjonal samanheng er også Sogndal ein liten kommune. På viktige, men i ressursomfang små, område er drifta vår sårbar alt i dag. Både perspektivmeldinga frå i år, generalistkommunerapporten frå i fjor og ei rekke kunnskaps- og analysedokument utarbeidd på bestilling frå alt frå fagforeiningar til kommunesektorens interesseorganisasjon (KS) er tydeleg på ein ting: Små kommunar vil ikkje kunne levere på grunnleggande lovpålagde tenester utan å samarbeide med kvarandre. Sogndal har gjennom 2024 følgt dette opp administrativt gjennom arbeidet i Sogn kommunalt oppgåvefelleskap, for å starte arbeidet med å få på plass eit felles kunnskapsgrunnlag i Sogn. Skal fleire og nye samarbeid etablerast, vil det krevje ei sterk og samla politisk vilje, både frå Sogndal og nabokommunane i Sogn.

- **Styrke innsatsen på førebygging:** Tal frå Helsedirektoratet har i fleire år fortalt oss at for kvar krone ein brukar på førebygging av folkehelse i form at fysisk aktivitet, gir 3-4 kroner i framtidig gevinst i form av redusert behov for behandling. Innanfor psykiatrien er tilsvarande tal 1 til 10. Det framtidige økonomiske handlingsrommet høyrer til dei kommunane som klarar å omsetje dette til praksis tidleg nok. Sogndal har eit godt utgangspunkt statistisk sett, men treng som alle andre kommunar å gjere aktive val for å eige utviklinga sjølv.

Felles for alle desse fem satsingane er at dei treff heile den kommunale verksemda. I tillegg har dei til felles at dei er bygd på kombinasjonen av innsikt i eigen organisasjon og tilgjengeleg kunnskap frå regionale, nasjonale og internasjonale kjelder. Sogndal har eit fortrinn i at det er etablert eit sterkt partnerskap i partssamarbeidet. Det vil vere kritisk viktig å halde fast i, og forsterke i arbeidet som kjem. Mange av dei uunngåelege endringane vil vere krevjande, og bryte med mange si oppleving av korleis det har vore å jobbe i ein kommune. Då vert det viktigare enn nokon gang å ha tydelege satsingar med brei politisk forankring.

Arbeidsforma som har vore nytta det siste året legg opp til at partssamarbeidet er det sentrale omdreingspunktet for endringsarbeidet. I det ligg det at dei tilsette skal medverke aktivt i arbeidet, og bidra med sin kunnskap og innsikt i kva som er utfordringsbildet i eigen kvardag. Skal politisk leiing, dei tilsette og innbyggjarane i Sogndal kommune ha eit økonomisk handlingsrom som mogeleggjjer at ein kan påverke eiga utvikling, er dette eit arbeid som ikkje kan vente – og som ikkje kan mislukkast.

I inneverande økonomiplan var det lagt til grunn innsparing i driftskostnadane gjennom SK 2027 på 30 mill. kr i 2026 og 2027, dette er vidareført og konkretisert inn i ny økonomiplan basert på innsiktsarbeid.

Gjennom årets budsjettprosess har kommunedirektøren vist at behovet for å gjere endringar er påtrengande og dei økonomiske gevinstane ikkje kan vente til 2026. Den økonomisk utviklinga i 2024 med meirforbruk på sektor og svikt i forventa skatteinntekter gjert at storleiken på behovet for innsparing auka.

Som del av budsjettarbeidet er det gjort eit arbeid for å vurdere konsekvensar og økonomisk effekt knytt til strukturelle grep. Finansutvalet vedtok å ikkje gå vidare med utgreiingane innanfor oppvekst og kultur. Økonomisk effekt frå øvrige utgreiingar er innarbeida i budsjett og økonomiplanen.

Samstundes er det starta eit arbeid med å vurdere alle eksisterande arbeidstidsordningar (turnus) for å kunne forme desse ut i frå dagens situasjon. Skal me lukkast med å rekruttere og behalde folka som skal levere morgondagens tenester og vere ein attraktiv arbeidsplass i framtida, må me ha arbeidstidsordningar som både tek i vare behovet til innbyggjaren og tek omsyn til dei tilsette sin livssituasjon. Det finst mange forsøk og døme frå andre kommunar som har lukkast med å frigjere handlingsrom – både økonomi og kapasitet – ved å jobbe systematisk med dette. Korleis kommunen lukkast med å organisere arbeidet sitt vil vere ein kritisk faktor for evna til å kunne gje lovpålagde tenester til innbyggjarane. Dersom ein ikkje lukkast, vil dei kostnadane auke i omfang og utbreiing.

Utgreiingane vil berre vere legitime og gje full gevinst dersom dei vert jobba med etter same prinsipp som resten av utviklingsarbeidet. Det betyr i praksis at det er partssamarbeidet som formar prosessane, slik at tilsette og innbyggjarar vert involvert i arbeidet på ein skikkeleg måte. Dei strukturelle utgreiingane er nærare omtala i kapittel 5.3.


Estimert økonomisk innsparing frå strukturutgreiingane kjem i tillegg til innsparingane som lagt til grunn i SK2027 i inneverande økonomiplanperiode. Samla sett viser strukturutgreiingane og innsiktsarbeidet gjennom SK2027 eit innsparingspotensiale på 74-80 mill. kroner frå 2026. Det vil ikkje vera mogleg å ta ut effekt frå alle desse tiltaka i 2025. I budsjettet for 2025 er det lagt til grunn innsparing i driftskostnader på 39,4 mill. kroner.

Tabell 3.4 Innsparing SK 2027 og struktur

Beløp i 1000 kroner	Budsjett 2025	ØP 2026	ØP 2027	ØP 2028
Innsparingstiltak SK2027	20 500	33 100	34 100	34 100
Innsparingstiltak fysisk struktur	18 600	40 200	45 300	45 300
<b>Sum innsparing</b>	<b>39 100</b>	<b>73 300</b>	<b>79 400</b>	<b>79 400</b>

### 3.5 Miljømedvit og klimatiltak

Eit av samfunnsmåla til Sogndal kommune er at me skal vere ein miljømedviten kommune med klima og miljø som premis for alt me gjer. Det betyr å kutte klimagassutsleppa våre, drive systematisk klimatilpassingsarbeid og ha minst mogleg avfall, mest mogleg gjenbruk og ein medveten arealbruk.



Figur 3.5: Tal for direkte utslepp i kommunen 2022, henta frå Miljødirektoratet sitt klimarekneskap

Kommunen har vedteke følgjande fire hovudmål innanfor klima:

1. Null direkte utslepp frå kommuneorganisasjonen innan 2023
2. Redusere indirekte utslepp frå kommuneorganisasjonen med 50% i 2023 samanlikna med 2021-nivå.
3. Redusere indirekte utslepp frå energibruk i kommunale bygg med 40% i 2030 samanlikna med 2021-nivå
4. Redusere direkte utslepp i kommunen med 60% samanlikna med 2016-nivå

Det er i klimabudsjettet lagt til eit nytt delmål under fjerde hovudmål som handlar om å hindre omdisponering og nedbygging av karbonrike areal i kommunen.

*Delmål 6: Hindre omdisponering og nedbygging av karbonrike areal i kommunen*

Tal frå [Miljødirektoratet](#) syner at nedbygging av natur i Norge gir utslepp av rundt 1,9 mill. tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter årleg, mykje på grunn av nye bygningar og vegar. Kommunane sin arealplanlegging spelar ei nøkkelrolle for om Norge klarer å redusere utsleppa i arealbrukssektoren fram mot 2030. [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027](#) er mellom anna at «omdisponering og nedbygging av karbonrike areal, inkludert myr, tidevatnssump og andre typar våtmark og skog, unngåast så langt som moglege, slik at areala sin evne til lagring og opptak av karbon oppretthaldast».

[Nye tal for utslepp frå kommunar](#) syner at Sogndal kommune slapp ut 24 796 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter i gjennomsnitt kvart år mellom 2016 og 2020 som følgje av arealbruksendringar i kommunen. Om lag 74 prosent (18 285 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter) av desse utsleppa var knytt til utslepp frå utbygd areal. Til samanlikning var klimagassutsleppet frå vegtrafikk i kommunen på 16 452 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter i 2022. Kommunen kan difor hindre store utslepp frå kommunen ved å ikkje omdisponere eller bygge ned karbonrike areal.

## Prioriterte klimatiltak 2025-2028

Tiltaka er vurdert som dei ti viktigaste klimatiltaka i prioritert rekkefølge som kommunen bør gjennomføre for å redusere eigne og andre sine utslepp i kommunen.

Tiltaka er truleg ikkje tilstrekkeleg dersom Sogndal kommune skal nå kommunen sine eigne utsleppsmål. Men dei er viktige steg på vegen. Tiltaka bør truleg både bli meir spissa og meir omfattande i framtidige økonomiplanperiodar. Kor langt kommunen skal strekke seg ut over denne utgreinga er ei politisk vurdering.

Prioriterte klimatiltak:

1. Hindre omdisponering og nedbygging av karbonrike areal med ein restriktiv arealpolitikk.
  - Reduksjonsmål: 6800 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter (estimat)

- Kostnad: Lite direkte kostnader for kommunen. Men kan påverke kva type private og offentlege utbyggingsprosjekt som blir realisert i kommunen.
2. Energieffektiviseringstiltak og fornybare energikjelder i dei kommunale bygga.
    - Reduksjonsmål: 5155 tonn CO2-ekvivalenter
    - Kostnad: Må sjåast i samanheng med reduksjon av driftskostnadar. Tiltak som kan nedskrivast innanfor ein 7-årsperiode vert prioritert først.
  3. Gjere dei tiltaka som er naudsynt for å minimere utsleppa frå personbilar, varetransport og tunge køyretøy i heile kommunen.
    - Reduksjonsmål: 7471 tonn CO2-ekvivalenter
    - Usikkert kostnadsbilete som vil avhenge av kor inngripande tiltak kommunen ønskjer å gjere og i kva grad forureinar skal betale. Den nasjonale politikken på området kan også påverke kostnader og effektar av tiltak.
  4. Strengt klimakrav ved kommunale innkjøp av varer og tenester, helst i samarbeid med region og fylke.
    - Reduksjonsmål: 4505 tonn CO2-ekvivalenter
    - Kostnad: Vil avhenge av kor stor innkjøpsmuskelen til kommunen er. Felles praksis i regionen eller fylket vil truleg redusere kostnadane og stimulere til omstilling i næringslivet.
  5. Jobbe aktivt med å betre gjødselhandteringa for å redusere utslepp i jordbruket.
    - Reduksjonsmål: 1564 tonn CO2-ekvivalenter
    - Kommunen kan nytte SMIL-midlar for å stimulere til betre gjødselhandtering. Ei større satsing vil truleg krevje finansiering av eit prosjekt for å jobbe med problematikken.
  6. Stille krav om at all transport i kommunal regi skal vere utsleppsfri så lenge transporten skjer i Sogn.
    - Reduksjonsmål: 1255 tonn CO2-ekvivalenter
    - Dersom kommunen lease køyretøy og maskinar vil det auke kostnadene til drift på mellom 5,2 og 9,7 millionar kroner. Samstundes vil kommune sleppe å sette av midlar til investering for å fornye køyretøy og maskinparken.
  7. Minimere behovet for store bygge- og anleggsprosjekt i framtida gjennom god og klimavenleg forvaltning av eksisterande eigedommar og infrastruktur
    - Reduksjonsmål: 751 tonn CO2-ekvivalenter
    - Kostnad: Dette vil truleg krevje at kommunen brukar færre midlar på investeringsprosjekt og meir midlar på drift. Ved nokre høve kan klimavenlege val føre til auka kostnader. Men ved andre høve kan klimavenlege val føre til at kommunen ikkje gjennomfører tiltak og kan bruke midlane på andre tiltak.
  8. Strengt klimakrav når kommunen likevel må gjennomføre store og små bygge- og anleggsprosjekt.



- Reduksjonsmål: Sjå punkt 3
  - Kostnad: Vil avhenge av kor stor innkjøpsmuskelen til kommunen er. Felles praksis i regionen eller fylket vil truleg redusere kostnadene og stimulere til omstilling i næringslivet.
9. Stimulere til meir ombruk og mindre forbruk hjå innbyggjarar i kommunen.
- Reduksjonsmål: Usikkert
  - Kostnad: Foreløpig avhengig av prosjektmidlar eller kommunalt/fylkeskommunalt bidrag for å gå rundt. Endring i mva-krav på reparasjons- og gjenbruksartiklar kan påverke kostnadsbiletet.
10. Jobbe aktivt for å oppnå nullutslepp frå hurtigbåtar og cruiseskip.
- Reduksjonsmål: 10556 CO2-ekvivalenter
  - Kostnad: Lite for kommunen utover tilrettelegging for ladeinfrastruktur etc. Tiltaket er heilt avhengig av nasjonal og regional utsleppspolitikk.

Fullstendig klimabudsjett 2025-2028 er lagt ved som eige vedlegg.



## 4. Økonomiske føresetnader og rammevilkår


### 4.1 Folketalsutvikling og utgiftsbehov

#### Folketalsutvikling

Folketalsutviklinga i Sogndal kommune dannar grunnlag for informasjon knytt til langsiktige utfordringar og moglegheiter, målsetjing, strategiar og prioriteringar av kommunen sine ressursar.


SSB utarbeider demografimodellar som legg til grunn låg, moderat eller høg folketalsvekst. Me legg til grunn modell for moderat vekst. Prognosen har vorte noko nedjustert frå SSB. Uvisse rundt prognoser knytt til innvandring er ein del av forklaringa, årleg fall i folketalet i andre kvartal for Sogndal kommune ein anna.

Oppdatert prognose viser framleis vekst, og føreser ein vidare lineær trend på lik linje med veksten ein har sett i perioden 2016 – 2023. Dette er illustrert i figur 2 under (tal for 2024 er frå 2. kvartal).



Figur 4.1.1: Trend folketalsutvikling Sogndal kommune


I figur 3 ser ein dette med omsyn til demografi. Den nasjonale trenden med fleire eldre gjeld for Sogndal kommune òg, men kommunen skil seg frå mange andre ved at ein ikkje har nedgang i dei yngre aldersgruppene.



Figur 4.1.2: Folketalsutvikling med demografi

### Utgiftsbehov

Endringar i folketal og befolkningsamansetning (demografi) påverkar utgiftsbehovet til kommunen. Ein synleggjer her korleis auka inntekter må dekke auka utgiftsbehov knytt til tenestene. Ein syner også korleis Sogndal kommune ikkje har ein markant negativ trend blant nokon av gruppene i eit lengre perspektiv, og kan derfor ikkje omstille midlar mellom sektorane av den grunn.



Figur 1.1.3: Demografimodell - KS prognosemodell juli 2024

## 4.2 Lønns- og prisvekst

Den kommunale deflatoren er ein indeks for den reine kostnadsutviklinga i kommunal sektor i form av pris- og lønnsvekst. Finansdepartementet er ansvarleg for indeksen, som blir lagt fram i forslag til statsbudsjett for komande år. Kommunal deflator for 2025 er i forslag til statsbudsjett sett til 4,1 prosent. Som grunnlag for kommunal deflator er forventa lønnsvekst på 4,5 prosent og forventa prisvekst på 3,5 prosent. Vekting er om lag 60 prosent lønnsvekst og 40 prosent prisvekst.

## 4.3 Pensjon

Sats for kommunen sin del av pensjon i KLP er budsjettert med 13,76 prosent. Satsen er gjennomsnittet for fellesordninga og sjukepleieordninga, og det blir gjort ei nærmare fordeling mellom sektorane i første tertial 2025. Sats for kommunen sin del av pensjon i SPK (undervisningspersonale) er budsjettert med 8,13 prosent. Ny offentlig AFP, som blir innført frå 1. januar 2025 og inngår i pensjonspremiene som kommunane skal betale, er ikkje innarbeidd.

## 4.4 Renter

Rentebana som ligg til grunn for renteutgifter i budsjett 2025 og økonomiplan 2025 – 2028 er berekna ved bruk av Kommunalbanken sitt verktøy KBN Finans. Her er gjeldande og forventa framtidige lån teke med. Det er lagt til grunn at låneopptak vert utført halvveges i året. Med grønne lån vil ein oppnå 0,1 prosentpoeng lågare rentenivå.


Rentebana summert i tabell 4.1 tek omsyn til samansetjinga av gjeldsportefølja til Sogndal kommune med omsyn til at denne består av lån med fast rente, lån med flytande rente og rentebytteavtalar.

Tabell 4.4.1 Oppdatert rentebane Sogndal kommune

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	ØP 2026	ØP 2027	ØP 2028
Rentebane ØP 25-28	4,60 %	4,20 %	3,99 %	4,05 %	4,07 %
Rentebane ØP 24-27	4,47 %	4,07 %	3,89 %	3,93 %	-
Rentebane ØP 23-26	3,50 %	3,44 %	3,41 %	-	-

Kjelde: KBN Finans 08.11.24

Sogndal kommune har fast rente på delar av gjelda, og rentenivået kommunen står ovanfor vil difor avvike frå flytande marknadsrenter. Estimert rentenivå er auka samanlikna med føregåande økonomiplanperiode.



Figur 4.4.2 Renteutvikling Sogndal kommune illustrert

Om ein skal låne eit gitt tal millionar ekstra, er det ikkje rentebana for ØP 2025-2028 ein står ovanfor, men marknadsrenter (NIBOR3M) pluss eit påslag på 0,6 prosent. Dette er eit påslag i tråd med tilråding frå Kommunalbanken (23.09.2024). Kommunalbanken si tilråding til budsjettrenter inkludert nemnde påslag framgår av tabell 4.4.1 under. Det er venta rentenedgang i 2025 og vidare i økonomiperioden.

Tabell 4.4.3 Marknadsrenter

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	ØP 2026	ØP 2027	ØP 2028
NIBOR 3M + påslag	5,33 %	4,40 %	3,85 %	3,90 %	3,90 %

Kjelde: KBN Finans 08.11.24

## 4.5 Overordna inntekter og utgifter

### 4.5.1 Eigedomsskatt

Kap. 4 i lov om eigedomsskatt i kommunen set rammer for kva skattesatsar kommunestyret kan fastsette for ulike skatteobjekt. Kommunestyret fastset kvart år i samband med budsjettet kva satsar og reglar som skal nyttast ved utskriving av eigedomsskatt for det komande året. For bustader og fritidsbustader er maksimalsatsen 4 promille, for andre skatteobjekt er maksimalsatsen 7 promille. Makssatsen for kommunal eigedomsskatt er uendra i framlegget til statsbudsjett 2025.

Med heimel i eigedomskattelova §§ 2 og 3, vedtok kommunestyret i desember 2023 følgjande satsar for eigedomsskatt i 2024:

- Generell sats på 7 promille for heile kommunen (gjeld næringseigedom, energianlegg, tomter m.v.).

- Skattesats på 3,1 promille for bustadeigedom og fritidseigedom i heile kommunen.
- Skattesats på dei særskilde skattegrunnlaga er 7 promille i heile kommunen (overgangsregel til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd siste pkt.).

I grunnlaget for årsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 er følgjande føresetnader lagt til grunn:

- Skattesatsar for bustad/fritidsbustad vert auka til 4 promille (frå 3,1 promille i 2024) for heile perioden 2025 - 2028.
- Basis for budsjettering av eigedomsskatt 2025 til 2028 er faktisk fakturert eigedomsskatt for 2024.
- Det vert vidare lagt til grunn ein samla auke i eigedomsskatt basert på auka skattegrunnlag, per år i 2026 og 2027 på 2 millionar. Det vert også lagt til grunn at auken i all hovudsak kjem frå auke i eigedomsskatt på bustad/fritid. Den årlege auken på 2 millionar er fastsett utifrå ein skjønsmessig/konservativ vurdering og er usikker. Beløpet er difor uendra for 2028.

Tabellen under viser effekt frå auke i eigedomsskattesats på bustad/fritid frå 3,1 promille til 4,0 promille.

Tabell 4.5.1 Eigedomsskatt bustad og fritid – effekt ulike satsar

Eigedomsskatt bustad/fritid Beløp i 1000	Budsjett 2025	ØP 2026	ØP 2027	ØP 2028
Total med skattesats 3,1‰	91 010	93 010	95 010	95 010
Total med skattesats 4,0‰	103 787	105 787	107 787	107 787
(effekt 3,1‰ til 4,0‰)	12 777	12 777	12 777	12 777

Alle prognosar og berekningar byggjer på skjønsmessige vurderingar i høve til framtidig takstgrunnlag, og er å sjå på som beste estimat. Det er også nytta skjønn ved fastsetjing av auken i skatteobjekt. I skattegrunnlaget for kraftverk inngår ei berekning av gjennomsnittleg spottpris over ein 5-årsperiode.

#### 4.5.2 Andre generelle driftsinntekter

##### Rentekomp omsorgsbustad og sjukeheim

Kommunar kan søkja om og få utbetalt rentekompensasjon for investeringane sine i omsorgsbustader og sjukeheim. Investeringstilskotet skal stimulera kommunane til å fornya og auka tilbodet av plassar i sjukeheim og omsorgsbustader for personar som har behov for helse- og omsorgstenester heile døgnet. Det vert budsjettert med ein kompensasjon på 3,67 mill. kr i 2025.

##### Rentekomp skular og symjeanlegg

Kommunar kan søkja om og få utbetalt rentekompensasjon for investeringane sine i grunnskule og symjeanlegg. Ordninga skal stimulere til investeringar i læringsarenaer, utstyr og inventar som bidreg til meir praktisk og variert opplæring på 5. – 10. trinn i skulen, og dessutan bidra til symjeopplæring i regi av skule. Det vert budsjettert med ein kompensasjon på 0,42 mill. kr i 2025.

### **Rentekomp kyrkjer og kyrkjeinventar**

Kommunar kan søkja om og få utbetalt rentekompensasjon til bygningsmessige investeringar til sikring og bevaring av kyrkjene, samt utsmykking og inventar til kyrkjene. Det vert budsjettert med ein kompensasjon på 0,27 mill. kr i 2025.

### **Flyktingtilskot**

Statstilskot flyktingar eller integreringstilskot vert budsjettert med 64,4 mill. kr i 2025. Dette er basert på budsjetterte utgifter knytt mot flyktingar på sektor. Det er viktig å presisera at ein endå ikkje har vedteke mål for busetting av flyktingar i 2025. IMDi (integrerings- og mangfaldsdirektoratet) oppmodar Sogndal kommune til å busette 85 flyktingar i 2025, ned frå 160 i 2024. (jf. [www.imdi.no](http://www.imdi.no)). Eit meir eller mindre tilskot skal også gi tilsvarande meir eller mindre utgifter.

### **Vertskommunetilskot**

Det vart oppretta eit asylmottak i kommunen hausten 2024. I samband med dette får kommunen eit vertskommunetilskot. Dette består av ein grunnsats per kommune og ein sats per mottaksplass. Det er ulike satsar for dei ulike typane mottaksplassar (jf. UDI 2011-025V1). Kommunen kan forvente ei viss grunninntekt, men at den totale inntekta vil vere basert på samansetninga av bebuarar på mottaket.

Frekvensen av utskifting av bebuarar i asylmottaket er uviss, noko som gjer det vanskeleg å føresjå den faktiske samansetninga av asylsøklarar med omsyn til alder, nasjonalitet, helsemessig bakgrunn og behov. Det er derfor ikkje lagt inn inntekter eller tilhøyrande utgifter knytt til dette i budsjettet for 2025. Dette vil ein komme tilbake til i første tertial.

### **Vertskommunetilskot HVPU**

Vertskommunetilskot HVPU (Helsevernet for psykisk utviklingshemma) vart etablert i 1993 og er eit tilskot som kommunen får som følgje av at bebuarar på institusjon vart buande i institusjonskommunen etter iverksetting av HVPU-reforma. Basert på tal frå helsedirektoratet og tal gjenværande vertskommunebebuarar budsjetterer ein med eit tilskot på 17,7 mill. kr i 2025. Tilskotet vert prisjustert årleg.

### **Naturressursskatt**

Anslag for naturressursskatten tek utgangspunkt i inntektene frå naturressursskatt i 2023, oppjustert med 2,7 prosent, som har samanheng med at det i statsbudsjettet er framlegg om ein auke i skattesatsen frå 1,1 øre til 1,13 øre per kWt. Ettersom naturressursskatten er ein etterskottsskatt, vil inntektsauken i kommunerekneskapen først kome i 2026. Med grunnlag i dette er skatteinntekta budsjettert med 6,6 mill. kr i 2025 og 6,8 mill. kr frå 2026.

### **Konsesjonsavgift**

Konsesjonsavgifta vert indeksregulert kvar 5 år. For konsesjonar gitt før 1959 vil avgift bli justert i 2025. Inntekt for 2025 er budsjettert til 2,65 mill. kr.



Tabell 4.5.2: Budsjetterte tal andre generelle inntekter 2024 - 2028

<b>Andre generelle inntekter</b> Beløp i 1000	<b>Opphavelg buds. 2024</b>	<b>Budsjett 2025</b>	<b>ØP 2026</b>	<b>ØP 2027</b>	<b>ØP 2028</b>
Rentekomp omsorgsbustad og sjukeheim	-3 750	-3 670	-3 590	-3 520	-3 440
Rentekomp skular og symjeanlegg	-520	-420	-340	-270	-200
Rentekomp kyrkjjer og kyrkjeinventar	-290	-270	-240	-220	-190
Flyktningskott	-50 000	-65 400	-65 400	-65 400	-65 400
Vertskommunetilskott (asylmottak)	-	-	-	-	-
Vertskommunetilskott HVPU	-16 680	-17 700	-17 700	-17 700	-17 700
Naturressursskatt	-5 830	-6 620	-6 800	-6 800	-6 800
Konsesjonsavgift	-2 490	-2 650	-2 650	-2 650	-2 650
<b>Sum andre generelle inntekter</b>	<b>-79 570</b>	<b>-96 730</b>	<b>-96 720</b>	<b>-96 550</b>	<b>-96 380</b>

#### 4.5.3 Finansielle inntekter og utgifter

Samla netto finansutgifter i budsjett 2025 er 79,2 mill. kr. Netto finansutgifter aukar til 118,2 mill. kr i 2028. Auken gjeld rente- og avdragskostnader knyta til budsjettert investeringsprogram.

Tabell 4.5.3 Netto finansutgifter i økonomiplan

<b>Netto finansutgifter</b> Beløp i 1000 kroner	<b>Opphavelg budsjett 2024</b>	<b>Budsjett 2025</b>	<b>ØP 2026</b>	<b>ØP 2027</b>	<b>ØP 2028</b>
Renteinntekter	-18 000	-16 200	-15 500	-15 600	-15 600
Utbyte	-11 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	-5 000	-6 000	-6 000	-6 000	-6 000
Renteutgifter	63 200	63 400	73 300	83 700	85 500
Avdrag på lån	45 000	48 000	50 100	57 800	64 300
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>74 200</b>	<b>79 200</b>	<b>91 900</b>	<b>109 900</b>	<b>118 200</b>

#### Renteinntekter

I 2025 er budsjetterte renteinntekter berekna til 16,2 mill. kr. Av dette utgjer renteinntekter frå bankinnskott 5,2 mill. kr og renter på startlån 11,0 mill. kr.

Renteinntektene er avhengig av kor mykje som står på konto til ei kvar tid og rentenivået. Ein del renter på bankinnskotta gjeld renter av bundne fond som skal avsetjast til fonda i rekneskapen. Dette gjeld VAR-fonda, konsesjonsavgiftsfondet og fondsmidlar vertskommunesamarbeidet (Sognarådet og PPT).

På bankinnskott er det lagt til grunn ein grunnlikviditet på 120 mill. kr og ei avkastning på 4,4 prosent.

Renteutgifter på startlån er budsjettert med tilsvarande føresetnad som renteinntekter på startlån. Netto renteutgift på startlån er dermed null i budsjett og økonomiplan.

#### Utbyte

Sogndal kommune budsjetterer med utbyte frå Sognkraft AS og Sogn og Fjordane Holding AS. I budsjett 2025 er det budsjettert med samla utbyte på 10 mill. kr.

### **Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar**

Sogndal kommune har om lag 126 mill. kroner til forvaltning per 31.10.2024. Midlane er fordelt på aksjar, obligasjonar (fond) og bankinnskot. Forvaltninga av midlane følgjer vedteke finansreglement. Hittil i år er inntektene 6,9 mill. kr, i 2023 var inntektene 8 mill. kr. Det er lagt til grunn 6 mill. kr i årleg avkastning frå aksjar og obligasjonar. Dette utgjer i snitt årleg avkastning for økonomiplanperioden på 4,4 prosent.

### **Renteutgifter**

Renteutgiftene knytt til investeringslån aukar med 23,0 mill. kr i 2028, mot 51,5 mill. kr i opphavsleg budsjett for 2024. Renter på mellom 4,4 prosent og 3,9 prosent er lagt til grunn (jf. kap. 4.4), samt forventa utvikling i låneportefølje med omsyn til låneopptak og minimumsavdrag.

Renteutgifter formidlingslån er framskriva på nivå med oppdatert prognose for 2024 med 11 mill. kr. Desse vil uansett motsvarast av budsjetterte renteinntekter formidlingslån.

Til reduksjon av renteutgift er kapitaleffekt av avhending bygg (jf. kap. 5.2).

### **Avdrag på lån**

Avdragsutgiftene aukar frå 43,8 mill. kr i etter revidert budsjett 2024, til 64,3 mill. kroner i 2028. Samla avdrag i økonomiplanperioden er 220,2 mill. kr. Budsjetterte avdragsutgifter er oppdatert med omsyn til budsjettert investeringsprogram og tilknytt nye opptak av lån.

Budsjettert avdrag tilsvarar minimumsavdraget som kommunen er pliktig å betale årleg. Kommunar er pliktig å betale minimumsavdrag og dette vert berekna basert på avskrivningar, lånegjeld og verdi på avskrivbare anleggsmidlar. Det betyr at sjølv ved krevjande uføresette hendingar vil det ikkje vere høve til å redusere avdragsbetalinga for å betre budsjettbalansen.

### **Overføring frå drift til investering**

Årleg overføring av 2,8 mill. kr frå drift til investeringsbudsjett skal finansiere det årlege eigenkapitalinnskottet i KLP.

## **4.6 Avsetning og bruk av fond**

### **4.6.1 Disposisjonsfond**

#### **Avsetjing til disposisjonsfond**

Det er budsjettert med avsetjing til disposisjonsfond på totalt 72,4 mill. kr i 2025. Kvart år avset kommunen integreringstilskottet på eige disposisjonsfond (integreringsfond). Avsetjing til disposisjonsfond som omfattar integrering er 65,4 mill. kr kvart år i planperioden. I tillegg er det avsett til parkeringsfond på 7 mill. kr.

Vidare i økonomiplanen for åra 2026-2028 er det lagt til grunn at eit eventuelt overskot vert avsett til disposisjonsfond. Etter budsjetterte innsparingstiltak er netto avsetjing til disposisjonsfond 47,6 mill. kr i 2026, 44,5 mill. for 2027 og 41,6 mill. kr i 2028.

## Bruk av disposisjonsfond

Budsjettert bruk av disposisjonsfond er totalt 70,5 mill. kr i 2025. Utgifter til busetjing og integrering på tenesteområda vert dekkja med bruk av fond på sektor. Budsjettert bruk av disposisjonsfond for å dekkje utgifter til busetjing og integrering er 65,4 mill. kroner.

I tillegg er det for 2025 budsjettert med:

- 1 mill. kr knytt til bruk av parkeringsfond som gjeld finansiering og avdrag
- 1,2 mill. kr av fond til å dekke pilotordninga med auka grunnbemanning i barnehage for andre halvdel av barnehageåret 2024/2025
- 0,2 mill. kr til å finansiere tilskot bygdebok Norane
- 0,5 mill. kr for å finansiere velferdsmidlar
- 1,5 mill. kr for å finansiere vidareføring av pilotordninga med auka grunnbemanning

For å balansere budsjettet i 2025 er det òg budsjettert med bruk av disposisjonsfond på 0,7 mill. kr.

Tabell 4.6.1: Saldo per 31.12.23 og utvikling 2024-2028

Beløp i 1000 kr	Rekneskap 2023	Opphavleg budsjett 2024	Revidert budsjett 2024	Budsjett 2025	ØP 2026	ØP 2027	ØP 2028
Disposisjonsfond per 01.01*		164 920	164 920	106 673	108 606	156 196	197 227
Avsetjing		51 244	75 244	72 400	113 991	110 931	107 965
Bruk		71 917	133 491	70 467	66 400	66 400	66 400
<b>Disposisjonsfond per 31.12</b>	<b>164 920</b>	<b>144 247</b>	<b>106 673</b>	<b>108 606</b>	<b>156 196</b>	<b>200 727</b>	<b>242 292</b>

\*Frå 2025 er utgangspunktet revidert budsjett 2024.

## 4.6.2 Bundne fond

### Avsetjing til bundne fond

Avsetjing knytt til bundne fond er budsjettert med 4,1 mill. kr i 2025. Denne avsetjinga omfattar følgjande:

- Konesjonsavgift: Ein del av avsetjinga gjeld avsetjing av konesjonsavgift som skal førast på konesjonsavgiftsfondet. Avsetjinga knytt til dette er på 2,7 mill. kr. Det er med tilsvarande beløp budsjettert med bruk av bundne fond. Årsaka er at desse midlane ikkje er frie, og skal førast på eit bunde fond.
- Renter andre fond: Det er også budsjettert med ei årleg avsetjing av renter til fond som gjeld regionrådet. Avsetjinga knytt til dette er på 1,5 mill. kr.

### Bruk av bundne fond

Bruk av bundne fond er budsjettert med 9,6 mill. kr i 2025. Denne bruken omfattar følgjande:

- Konesjonsavgift: Det vert som nemnt ovanfor budsjettert med bruk av konesjonsavgiftsfond på 2,7 mill. kr. Netto avsetjing til fondet er såleis null.

- Sjølvkostfond og andre fond: Det er budsjettert med bruk av sjølvkostfond på 3,3 mill. kr. Det er også budsjettert med bruk av bundne fond knytt til Sogn regionråd på 1,1 mill. kr, samt budsjettert bruk på 2 mill. kr frå fond knytt til interkommunale samarbeid.
- Øyremerka tilskot: Det er også budsjettert med bruk av bundne fond på sektor på 0,5 mill. kr. Dette er knytt til øyremerka tilskot som gjeld bibliotek (mei rope Leikanger og den kulturelle spaserstokken).

Det er lagt opp til ein netto bruk av bundne fond gjennom heile planperioden. For 2025 er netto bruk budsjettert med 5,4 mill. kr. Vidare i planperioden er fondsbruken usikker.

Tabell 4.6.2: Saldo per 31.12.23 og utvikling 2024-2028

Beløp i 1000 kr	Rekneskap 2023	Opphavleg budsjett 2024	Revidert budsjett 2024	Budsjett 2025	ØP 2026	ØP 2027	ØP 2028
Bundne fond per 01.01*		70 021	70 021	60 724	55 281	52 381	49 481
Avsetjing		3 902	5 404	4 147	4 100	4 100	4 100
Bruk		14 701	14 701	9 590	7 000	7 000	7 000
<b>Bundne fond per 31.12</b>	<b>70 021</b>	<b>59 222</b>	<b>60 724</b>	<b>55 281</b>	<b>52 381</b>	<b>49 481</b>	<b>46 581</b>

\*Frå 2025 er utgangspunktet revidert budsjett 2024.

## 4.7 Finansielle måltal

Etter kommunelova § 14-2 skal kommunen vedta finansielle måltal for utvikling, slik at den økonomiske handleevna blir ivareteken over tid.

Kommunelova set ikkje krav til kva måltal som er aktuelle. I gjeldande økonomiplan har kommunestyret vedteke måltal for netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, måltal for disposisjonsfond av brutto driftsinntekter og måltal for lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Måltala er i tråd med teknisk berekningsutval (TBU) og departementet sine tilrådingar for ein økonomisk berekraftig kommuneøkonomi.

*Sogndal kommune vedtok følgjande måltal i kommunestyret 28.10.21, sak 88/21.*

- Netto driftsresultat > 1,75%
- Disposisjonsfond > 10%
- Langsiktig gjeld (eks. pensjonsforpliktingar) < 85%

*«Måltala skal fungere som rammer for budsjettarbeidet, men er ikkje bindande for budsjettet.»*

I arbeidsdokument 1/24 gjorde finansutvalet vedtak, som har vore førande for budsjettarbeidet om at gjeldsgraden i økonomiplanperioden, kan overstige måltalet på 85 prosent. Resultatet på måltala for netto driftsresultat og disposisjonsfond bør vere innanfor dei vedtekte måltala på 1,75 prosent og 10 prosent på kort sikt og i økonomiplanperioden. Når dei store investeringane i oppvekst er ferdige i løpet av økonomiplanperioden, skal ikkje nye låneopptak overstige avdrag på investeringslån.

Tabell 4.7: Utvikling finansielle måltal

Måltal	Måltal	2020	2021	2022	2023	Opphavelg budsjett 2024	Revidert budsjett 2024	Budsjett 2025
Netto driftsresultat	1,75 %	2,59 %	3,81 %	-0,11 %	1,43 %	-1,93 %	-4,1 %	-0,04 %
Disposisjonsfond*	> 10%	9,7 %	11,5 %	10,5 %	10,8 %	9,4 %	7,2 %	6,8 %
Langsiktig gjeld, inkl formidlingslån	< 85%	89,5 %	82,5 %	79,7 %	83,4 %	79,1 %	91,7 %	103,6 %
Langsiktig gjeld eks formidlingslån				68,9 %	69,3 %	97,4 %	74,9 %	85,5 %

\*Frå 2025 er utgangspunktet revidert budsjett 2024.

#### 4.7.1 Netto driftsresultat

Rekneskaperen for 2023 vart gjort opp med eit positivt netto driftsresultat på 21,9 mill. kr. Netto driftsresultat i opphavelg budsjett 2024 var -28,7 mill. kr, medan oppdatert prognose etter andre tertial viser negativ driftsresultat på -61,2 mill. kr.

Tabell 4.7.1 under viser framskriving av netto driftsresultat slik budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 no ligg føre. Netto driftsresultat er eit mål på kva marginar som er i drifta til å handtere uføresette hendingar på kort sikt, bygge opp frie driftsfond (bufferfond) og eigenfinansiering av investeringar.

Innarbeida i budsjett og økonomiplan er økonomisk effekt frå SK2027 og strukturendringar (jf. kap. 5.2) på høvesvis 39 mill. kr i budsjett 2025 og 73-80 mill. kr i 2026-2028. I tillegg er eige-domsskatt auka til maksimal sats i budsjett 2025 og i resten av økonomiplanperioden.


Slik budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 ligg føre er netto driftsresultat for 2025 negativt med 0,7 mill. kr og måltalet for netto driftsresultat er svakt negativt. Utover i økonomiplanperioden er netto driftsresultat over mål på 1,75 prosent.

Det er avgjerande for den økonomisk utviklinga til kommunen at ein lukkast med å gjennomføre budsjetterte innsparingar. I tabellen under viser utvikling i netto driftsresultat utan innsparingane som er innarbeida i budsjett og økonomiplan.

Tabell 4.7.1: Framskriving av netto driftsresultat med måltal (beløp i 1000 kr)

Måltal Beløp i 1000	Rekneskap 2023	Opphavelig budsjett 2024	Prognose T2-2024	Budsjett 2025	ØP 2026	ØP 2027	ØP 2028
Netto driftsresultat	21 893	-28 671	-61 952	-710	47 491	44 431	41 465
Sum driftsinntekter	1 526 215	1 488 991	1 512 699	1 594 119	1 602 560	1 609 725	1 615 842
NDR %	1,43 %	-1,36 %	-4,10 %	-0,04 %	2,96 %	2,76 %	2,57 %
Måltal NDR %	1,75 %	1,75 %	1,75 %	1,75 %	1,75 %	1,75 %	1,75 %
Netto driftsresultat (eks innsparing)				-39 810	- 25 809	-34 969	-37 935
Netto drifts.res. % (eks innsparing)				-2,50 %	-1,61 %	-2,17 %	-2,35 %

Figur 4.7.1: Framskriving av netto driftsresultat med måltal



#### 4.7.2 Disposisjonsfond

Ved inngangen av 2024 var storleiken på disposisjonsfondet på 165 mill. kr. Det utgjorde 10,8 prosent av brutto driftsinntekter. Disposisjonsfondet består av fleire fond, inkl. fond der bruken er merka til særskilte formål av kommunestyret. Den delen av disposisjonsfondet som ikkje er med slike særskilte formål var ved inngangen av året 57 mill. kr. Bruk av disposisjonsfond i revidert budsjett for 2024 er 58,2 mill. kr.

Tabell 4.7.2 viser utvikling i disposisjonsfondet med måltal basert på driftsinntekter og netto fondsbruk som ligg i økonomiplan 2025-2028. Tabellen viser utvikling i disposisjonsfond både med og utan innarbeida innsparingar frå SK 2027 og struktur.

Tabell 4.7.2: Framskriving av disposisjonsfond per 31.12 kvart år

Måltal Beløp i 1000	Rekneskap 2023	Opphaveløg budsjett 2024	Revidert budsjett 2024	Budsjett 2025	ØP 2026	ØP 2027	ØP 2028
Disposisjonsfond*	164 920	144 247	106 673	108 606	156 196	200 727	242 292
Sum driftsinntekter	1 526 215	1 488 991	1 512 699	1 594 119	1 602 560	1 609 725	1 612 842
Disp.fond i %	10,8 %	9,7 %	7,2 %	6,8 %	9,7 %	12,5 %	15,0 %
Måltal disp. fond %	10,0 %	10,0 %	10,0 %	10,0 %	10,0 %	10,0 %	10,0 %
Disposisjonsfond (eks innsparing)				69 506	43 796	8 927	-28 908
Disp.fond i % (eks innsparing)				4,4 %	2,7 %	0,6 %	-1,8 %

\*Frå 2025 er utgangspunktet revidert budsjett 2024.

Framskrivinga i økonomiplanperioden viser at dersom føresetnadane om realisering av innsparingar ikkje blir gjennomført vil disposisjonsfondet vera tilnærma oppbrukt i 2027, og kommunen blir ROBEK kommune.

#### 4.7.3 Utvikling av lånegjeld med gjeldsgrad

Tabell 4.7.3 og figur 4.7.3 syner utvikling i gjeldsgrad i økonomiplanperioden. Framskrivinga syner at med investeringane som ligg føre i økonomiplan vil gjeldsgraden eks. formidlingslån overstige måлтаlet allereie frå 2025. Dersom gjeldsgraden skal komma tilbake på mål i løpet av ein ti-årsperiode må låneopptak vera lågare enn avdrag etter dei store investeringane er gjennomført mot slutten av økonomiplanperioden. Med innarbeida innsparingar i perioden vil ein kunne frigjere midlar i drift til auka avdragsbetaling slik at gjeldsgraden går ned.


Det er lagt til grunn ramme for formidlingslån på 40 mill. kr i budsjett 2025 og vidare 30 mill. kr frå 2026. Formidlingslån er lån som kommunen tek opp hjå Husbanken til vidareutlån.

Tabell 4.7.3: Framskriving av gjeldsgrad med måltal og etter forskrift for budsjett og økonomiplan § 5-7

Gjeldsgrad 31.12 Beløp 1000 kr	Revidert budsjett 2024	Budsjett 2025	ØP 2026	ØP 2027	ØP 2028
Sum driftsinntekt	1 512 670	1 594 119	1 602 590	1 609 725	1 615 842
Låneopptak	120 000	278 400	387 500	166 100	58 800
<i>*Herav lån til sjølvkost (VA-område)</i>	<i>13 300</i>	<i>50 500</i>	<i>35 000</i>	<i>36 300</i>	<i>35 000</i>
Avdrag	- 43 800	- 48 000	- 50 100	- 57 800	- 64 300
Lånegjeld 31.12 eks formidlingslån	1 133 262	1 363 662	1 700 762	1 808 362	1 802 162
<b>Gjeldsgrad eks. formidlingslån</b>	<b>74,9</b>	<b>85,5</b>	<b>106,1</b>	<b>112,3</b>	<b>111,5</b>
Lån vidareutlån	40 000	40 000	30 000	30 000	30 000
Avdrag vidare utlån	- 2 000	- 6 000	- 6 000	- 4 000	- 10 000
Gjeld formidlingslån 31.12	253 342	287 342	311 342	337 342	357 342
Lånegjeld 31.12 inkl. formidlingslån	1 386 604	1 651 004	2 012 104	2 145 704	2 159 504
<b>Gjeldsgrad inkl. formidlingslån</b>	<b>91,7</b>	<b>103,6</b>	<b>125,6</b>	<b>133,3</b>	<b>133,6</b>

<b>Måltal gjeldsgrad %</b>	<b>85</b>	<b>85</b>	<b>85</b>	<b>85</b>	<b>85</b>
----------------------------	-----------	-----------	-----------	-----------	-----------

Figur 4.7.3: Framskriving av gjeldsgrad med måltal





## 5. Økonomisk bilde

### 5.1 Økonomisk bilde 2024

Kommunedirektøren har sidan 2020 gjort greie for at den underliggende drifta til kommunen ikkje er økonomisk berekraftig, og at behovet for omstilling er stort. Samstundes har ein dei seinare åra fått eingongseffektar som har bidrege positiv på resultatet. Mottak av koronamidlar, energikrise med tilknytt historisk høge inntekter på sal av kraft og utbytte frå kraftselskapa, gode år med aksjeavkastning, og auka skatteinntekter som følgje av omlegging av utbyteskatten, er alle slike døme. I 2024 har ein kommunisert eit betydeleg meirforbruk. Ein kjenner heller ikkje til slike omstende som har hendt tidlegare år, og som kan betre det økonomiske resultatet.

Oppdatert prognose for 2024 viser eit meirforbruk på 55,5 mill. kr. Opphøveleg budsjettet netto driftsresultat for 2024 var 28,7 mill. kr. Som det har vore omtala tidlegare i dokumentet må den underliggende drifta endrast gjennom:

- strukturendringar
- endre måten me jobbar på
- sikre at kommunen skal vere ein attraktiv arbeidsplass for å behalde og rekruttere tilsette
- meir samarbeid
- styrke innsatsen på førebygging

Det eksisterer ei rekkje kjelder til kunnskapsgrunnlag til å gjere overordna analyser av kostnadsbildet til kommunen, og kvar ein teoretisk kan oppnå innsparing i både drift og gjennom strukturelle endringar.

KOSTRA-tala for 2023 fortel det same bildet som har vore formidla sidan 2020. Sogndal ligg særst høgt i kostnader til helse og omsorg. I tillegg ligg ein høgt på administrasjon, styring og fellesutgifter, men i dette ligg det at ein ikkje har sidan samanslåinga prioritert å fordele ein del kostnader ut på sektorane.

Den samla analysen viser at noko innsparing er mogleg i alle sektorar, men at dei store kostnadsdrivarane er innanfor helse og omsorg.

#### **Maksimal teoretisk struktureffekt**

Administrasjon:	4 - 5 mill. kr
Helse og omsorg:	50 - 78 mill. kr
Oppvekst:	11 - 17 mill. kr
Samfunn:	6 - 10 mill. kr
<b>Sum:</b>	<b>71 – 110 mill. kr</b>

## 5.2 Strukturelle utgreiingar

I budsjett 2025 og økonomiplan 2026-2028 er det lagt til grunn innsparing på SK27 og struktur som er lista i tabell 5.2.

Tabell 5.2: Samla innsparing SK 2027 og struktur:

Beløp i 1000 kroner		Budsjett 2025	ØP 2026	ØP 2027	ØP 2028
Innkjøp og innkjøpsrutinar	Alle	9 500	15 200	15 200	15 200
Innbyggjartorg – redusere årsverk	Samfunn	1 000	1 000	1 000	1 000
Administrasjon – redusere årsverk arkiv m.m.	Adm.	2 000	3 000	4 000	4 000
Omstilling helse – redusert vikarbruk m.m	Helse	3 500	5 000	5 000	5 000
Redusere sjukefråvær	Helse	2 750	5 500	5 500	5 500
Redusere sjukefråvær	Oppvekst	1 400	2 800	2 800	2 800
Redusere sjukefråvær	Plan/tekn	350	700	700	700
<b>Sum innsparing SK2027</b>		<b>20 500</b>	<b>33 100</b>	<b>34 100</b>	<b>34 100</b>
Struktur institusjon	Helse	15 000	20 000	20 000	20 000
Struktur vaskeritenester Balestrand	Helse	545	1 090	1 090	1 090
Struktur bu- og miljøtenesta	Helse	0	8 000	12 000	12 000
Struktur kjøkendrift	Helse	1 500	3 000	3 000	3 000
Struktur lege- og jordmortenesta	Helse	500	1 000	1 000	1 000
Struktur vaskeritenester SHOS	Samfunn	405	810	810	810
Utmelding DigiVestland	Samfunn	370	370	370	370
Redusere kommunal bygningsmasse (kapitaleffekt)	Samfunn	0	600	1 200	1 200
Redusere kommunal bygningsmasse (driftskostnad)	Plan/tekn	0	1 200	1 200	1 200
Redusert vedlikehaldskostnad avhending kommunale vegar	Plan/tekn	300	600	600	600
Sentralisert administrasjonslokale	Adm.	0	3 500	4 000	4 000
<b>Sum innsparing struktur</b>		<b>18 600</b>	<b>40 200</b>	<b>45 300</b>	<b>45 300</b>
<b>Sum innsparing</b>		<b>39 100</b>	<b>73 300</b>	<b>79 400</b>	<b>79 400</b>

Innsparingane er fordelt på sektorrammene i kapittel 6. Strukturendringane er nærare omtala nedanfor.

### 5.2.1 SK27 innarbeidde tiltak

I 2024 har det vore gjennomført over 100 innsiktsøker i heile organisasjonen. Denne innsikta gir eit vesentleg betre grunnlag for konkretisering av innsparingane enn det vi har hatt tidlegare. Innsparingane er konkretiserte og fordelte i tabellane.

Premissar for innsparing og SK 2027:

- **Innsparing innkjøp:** Sogndal kommune kjøper varer og tenester for samla sett 380 mill. kr. Det er lagt inn 2,5 prosent innsparing i 2025 og 4,0 prosent innsparing elles i økonomiplanperioden. Det er tilsett ekstra ressurs på innkjøpsområdet som i hovudsak er finansiert gjennom tilskot. Ved å jobbe systematisk med innkjøp, noko som i for liten grad har skjedd til no, er erfaringa frå andre at det kan bidra til vesentlege innsparingar. Innsparinga gjeld på tvers av heile kommunen, men er fordelt på sektor og tenesteområda opp mot kor stort budsjett dei enkelte har på innkjøp.
- **Redusere sjukefråvær:** Sjukefråværet i Sogndal kommune er på 7,80 prosent hittil i år og 8,12 prosent dei siste 12 månadene. Det er ein generell nedgang i sjukefråværet fram mot sommaren, men ein stigande tendens utover hausten. Dette er samanlikna likt som resten av landet og likt som resten av kommunesektoren. Ein stor del av fråværet skuldast langtidssjukemeldingar, der meir enn 5 prosent av fråværet varer over 60 dagar. Høgt sjukefråvær fører til auka kostnader for kommunen i form av vikarutgifter, ekstern innleige, produktivitetstap og belastning på velferdssystemet. Ved reduksjon av sjukefråværet til 5,5 prosent i heile organisasjonen (sektor samfunn og administrasjon ligg p.t. under dette nivået) vil det kunne gi 9 mill. i reduksjon av slike utgifter. Nivået på innsparing er sett ut frå erfaringane ein har med redusert sjukefråvær i dei delane av organisasjonen som har prøvd ut nye arbeidsformer.
- **Innsparing årsverk administrasjon/samfunn:** Det har blitt jobba med effektivisering og digitalisering i administrasjonen dei siste åra, i tillegg til å vurdere behov for tilsetting ved naturleg avgang. Det er henta ut noko gevinst gjennom dette arbeidet, men det ligg att noko innsparingspotensiale som skal hentast ut i 2025 m.a. gjennom naturleg avgang.
- **Omstilling helse – vikarbruk m.m:** Helse og omsorg er den største sektoren i kommunen, både i tal tilsette og økonomi. Sektoren er prega av at rammetilhøva er kraftig endra, særleg gjennom dei siste åra, utan at tilpassing og endring av måten me leverer tenestene på har følgt med. Samstundes vert det stadig fleire eldre, større omfang av pasientar frå helseføretaka og meir komplekse medisinske tilstandar. Det medfører stort press på dei tilsette, og utfordringar med rekruttering. Den største delen av meirforbruket dei siste åra er knytt til bruk av vikarbyrå, høg vikarbruk og høgt sjukefråvær. I 2024 har ein starta eit arbeid i helse- og omsorgssektoren, dette må styrkast og halde fram i 2025 og dette skal redusere driftskostnader til fråværskostnader.

## 5.2.2 Strukturutgreiingar – mindre omfang

### A. Struktur vaskeritenester

Balestrand omsorgssenter har i dag eige vaskeri. Leikanger omsorgssenter har sett bort vaskeritenester til MOVIA AS. Sogndal helse og omsorgssenter (SHOS) har delvis eige vaskeri (privat tøy til pasientar) i tillegg til bortsetjing av vaskeritenestar (arbeidstøy og sengetøy) til MOVIA AS. I Sogndal er det to tilsette som til saman utgjør ein litt over 100 prosent stilling mot vaskeri. I Balestrand er det to tilsette som til saman utgjør ein 100 prosent stilling mot vaskeri. Vaskeri i Balestrand er underlagt sektor helse og omsorg, medan vaskeri ved SHOS er underlagt sektor Samfunn. Innsparinga er delt mellom sektorane.

### Tenestekvalitet:

- MOVIA AS (leverandør pt.) leverer tøy to gonger per veke, fast rute i Sogn. Ein ser ikkje nokon negativ konsekvens for tenestekvalitet med det.
- Arbeidstøy blir lånt av ekstern leverandør ved bortsetting. Med dette erfarer ein betre kvalitet, betre utval av storleik og ein større likskap på arbeidstøy enn ein gjer i dag med å halda eige arbeidstøy (gjelder Balestrand, mykje av arbeidstøyet her er også klart for utskifting).
- Frigjer administrativ kapasitet på einingane.
- Vaskeri i Balestrand har allereie mindre avvik i samband med hygienerevisjon. Det er naturleg å tenkja seg strengare krav til vaskeriteneste knytt til helse i framtida (utvikling av resistente bakteriar osv.).
- Ein frigjer ressursar til bruk mot reine helseoppgåver (SHOS).
- Ein bør framleis ha ein minimumskapasitet relatert til vaskerifunksjon, for å ta i vare beredskap. Dette bør ikkje gå ut over innsparing, men at ein planlegg med å behalda noko installasjon/maskiner.

### Lokalsamfunnpåverknad:

- Ein ser ikkje pt. at dette vil påverka lokalsamfunnet.

### Tidsperspektiv og medverknad:

- Halvårig innsparingseffekt allereie i 2025.
- Tilsette som blir omfatta av dette i Sogndal har vaskeri som ein bifunksjon. Desse kan auke sin stillingsdel inn mot pleie (og redusere behov for vikarar).
- Tilsette som blir omfatta av dette i Balestrand må vurderast inn mot alternative stillingar.

### Økonomi:

- Innsparing knytt til reduksjon i tilsette (2 årsverk), administrasjon av teneste, forbruksmateriell samt anskaffing/vedlikehald av maskiner og arbeidstøy/tekstilar.
- Det må påreknast noko mindre investeringsbehov til omgjerding av eksisterande vaskerilokale til alternativ bruk.

Tabell 5.2.2 A: Struktur vaskeritenester

Beløp i 1000	Budsjett 2025	ØP 2026	ØP 2027	ØP 2028
Innsparingar drift	950	1 900	1 900	1 900
Investeringsbehov	400	-	-	-

### Føresetnader og premissar:

- Sogndal kommune har i dag allereie avtale om vaskeritenester med MOVIA AS gjennom innkjøpssamarbeidet i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn (INSS). Ein føresetnad for gjennomføring av strukturtiltak er at behov kan dekkjast innanfor eksisterande avtale, evt. at eksisterande avtale blir reforhandla.

## B. Utmelding DigiVestland

**Føresetnader og premisser:** DigiVestland har som mål å samordne arbeidet med digitalisering i kommunane i Vestland. Svært lite har kome ut av arbeidet så langt, og det er kommunedirektøren si vurdering av det i praksis ikkje vil ha noko konsekvens å melde seg ut.

**Tenestekvalitet:** Ingen påverknad.

**Lokalsamfunnspåverknad:** Ingen påverknad.

**Tidsperspektiv og medverknad:** Kan avgjerast utan medverknad på det tidspunktet ein ynskjer.

#### Økonomi:

Tabell 5.2.2 B: Utmelding DigiVestland

Beløp i 1000	Budsjett 2025	ØP 2026	ØP 2027	ØP 2028
Innsparing drift	370	370	370	370
Investeringsbehov	-	-	-	-

### C. Redusere kommunal bygningsmasse

**Tenestekvalitet:** Ingen direkte påverknad.

**Lokalsamfunnspåverknad:** Må vurderast i kvart enkelt tilfelle.

**Tidsperspektiv og medverknad:** Medverknad må skje i prosessar knytt til bygg der det er kommunal aktivitet i dag.

#### Økonomi:

Tabell 5.2.2 C: Redusere kommunal bygningsmasse

Beløp i 1000	Budsjett 2025	ØP 2026	ØP 2027	ØP 2028
Innsparing drift	1 200 – 2 300	1 200 – 2 300	1 200 – 2 300	1 200 – 2 300

**Føresetnader og premisser:** Kommunen eig ei omfattande bygningsmasse. Kartlegginga av denne vart fullført i 2024, og det er dermed grunnlag for å selje bygg og eigedomar som ikkje lenger er hensiktsmessig for kommunen å eige. Det er gjort estimat av mogelege salsinntekter i 2025, med tilhøyrande konsekvensar for kapitalkostnadane.

### D. Avhending kommunal veg

**Tenestekvalitet:** Ingen direkte påverknad på tenestekvalitet.

**Lokalsamfunnspåverknad:** Kan ha negativ effekt på enkelte lokalsamfunn.

**Tidsperspektiv og medverknad:** Krev eiga kommunestyresak om prinsipp for avhending av kommunal veg, og det bør vere ein tilhøyrande prosess med innbyggjarmedverknad.

## Økonomi:

Tabell 5.2.2 D: Avhending kommunal veg

Beløp i 1000	Budsjett 2025	ØP 2026	ØP 2027	ØP 2028
Innsparing drift	300	600	600	600

### Føresetnader og premisser:

Kriterium for å vurdere avhending av veg kan t.d. vere:

- Veg må ha samfunnsnytte
- Veg må være bygd iht. vegnorm eller SVV sine handbøker
- Veg må ha gjennomkøyring eller snuplass i enden
- Enkelte vegar må kunne takast opp til vurdering som kommunal veg på bakgrunn av mengde bruk.

Døme på vegar som kan vere del av ei vurdering:

- Sogndalsdalen: Kv 13590 Veg frå Haukarei til rv5 Kalbakken  
Dette er ein grusveg som ligg igjen etter Fjærlandsvegen blei bygd. Blir ikkje brøyt av kommunen, men me måtte gruse opp og stelle den for bondetransport i sommar. God moglegheit for omkøyring. Lengde 620 meter.
- Sogndalsdalen: Pv 99565 Veg frå Fretlandsvegen inn til privat gard. Lengde 300 meter.  
Denne vegen brøyta kommunen etter ein gamal brøyteavtale. Vegen har ei farleg bru utan rekkverk.
- Balestrand: Kv 59 Saurdalsvegen. Er gjort til kommunal veg men skogeigarlaget seier dei eig vegen og tek betalt for bruk som om den er privat. Kommunen har ein driftsavtale på vegen for å sikre bruk av skiområdet i Saurdalen. Lengde 6700 meter. Vi brøyter 6200 + ein p-plass. Vegen har ein høgdeforskjell på ca 580 meter. Vi har et kronegitt vedlikeholdskrav på sommar ut frå avtale.
- Nordnes Kv40 – siste 200 meter ned til sjøen. Blei gjort til kommunal veg i 2023, ingen veit kvifor. Dårleg veg som ikkje blir stelt i dag. Vegen har dårleg vegmur og gras i midten. Framtidige utgifter på ny vegmur og grusing/ skraping/ brøyting.
- Fjærland KV218 Stølaholmen. Veg inn til bustad er ok. Veg frå snuplass til naust i enden burde ikkje vært kommunal. Skal opp i Jordskifteretten i 2024/25. Vegen går frå kryss Stølen til naust Stølaholmen.
- Kjørnes KV7900 Kjørnes svingen. Har ikkje snuplass i enden. Blir ikkje brøyta. Lengde 200 meter. Sommar drift med lapping. Skulle hatt ny asfalt
- Kjørnes Pv 8500 + Pv 98065 Kjørnesplatået Lengde 400 meter. Vi brøyter denne etter ein gammal avtale. Ikkje sommar drift.

- Ølnes Kv33 Englandsvegen. veg fra fv55 til Ølnes er ok. Veggen vidare opp til England gard var i vinter 23/24 ikkje i fast bruk. Kunn hyttefolk og tilsyn med fråflytta gard. Ca 2000 meter. Grusveg. Vinter og sommar drift.
- Årøy Kv34 Steigavegen. Veggen er ein gjennomgangsveg som har svært dårlege murar. Veggen burde bli stengt sør for bru inn til Bandsjerøyri. Trafikk ville då kunne nytte veggen forbi Årøy kraftverk og opp til rv55. Vil være kostbart å oppretthalda veg og murar.
- Fimreite: Sv320/ Pv 20 Lengde ca 1000 meter. Sogndal kommune har i mange år gitt 33 000 kr i støtte til ein privat veg på Fimreite etter gamle krav. Denne veggen burde bli vurdert opp mot andre private vegar som ikkje får støtte.
- KV9900 Nordafjordvegen. Fra X Rv5 til nedkøyring Skjer. 825 meter lang. Rasfarleg veg.

### 5.2.3 Større utgreiingar

#### **Samle alle kortidsplassar institusjon**

Sogndal kommune har i dag kortidsplassar på institusjonane i Balestrand, Leikanger og Sogndal. Saman med heimetenestene, er det kortidsplassane som er mest utfordra av dei endringane kommunane opplever i pasienttilfang. Meir komplekse pasientsaker, større tempo, fleire pasientar og auka krav til spesialkompetanse er alle med på å utfordre dei strukturane me har i dag. Ei samling av kortidsplassar vil kunne gje betre arbeidskvardagar for dei tilsette, lette rekruttering der det er utfordrande i dag, og betre tilbodet til innbyggjarane – i tillegg til å gje meir rasjonell økonomisk og praktisk drift. Sogndal helse- og omsorgssenter vart i si tid bygd med ein kapasitet som skulle møte framtidens behov. I dag er det unytta kapasitet i 3. etasje, dette vert sett på i samheng med vurderinga av både kort- og langtidsplassar.

Endringa vil krevje prosessar som involverer dei tilsette, og ser på det som er tilgjengeleg av historiske data og framskrivingar. Det må også vurderast kva praktiske konsekvensar dei ulike alternativa vil ha, og om det medfører følgje for andre område i drifta. Arbeidet vil starte før jul, og bli levert til politisk handsaming så snart det er gjennomført. Det teoretiske innsparingspotensialet vert vurdert til å vere stort, og utgreiinga skal svare ut ein betydeleg del av samla innsparingsbehov på struktur i helse- og omsorgssektoren.

#### **Redusere langtidsplassar institusjon**

Eit viktig langsiktig mål for helse- og omsorgssektoren er å legge til rette for at fleire kan klare seg sjølv lenger. Langtidsplassane er ei teneste høgt i omsorgstrappa, og av dei meir kostbare tenestene me gir. Med mange fleire eldre på veg, vil det vere avgjerande at drifta av langtidsplassane er tilpassa dei behova som kjem, og at dei vert gjevne til dei som treng dei mest. Dagens praksis i Sogndal kommune vil ikkje stå seg over tid, det veit me.

Utgreiingsarbeidet skal sjå på struktur knytt til lokalisering, men også på bemanning og samhandling med andre tenester. Arbeidet må henge tett saman med utgreiing av

korttidsplassar, både for å få ein heilskap i vurdering av kva bygningsmassen me har i dag best kan nyttast til, og for å sjå heilt naudsynnte samanhengar knytt til bemanning og oppgåveløysing. Prosessen vil difor starte opp når arbeidet med korttidsplassar er kome i gang, slik at dei kan overlape på det som er hensiktsmessig utan å skape unødig meirarbeid.

### **Endre institusjonsplassar til omsorgsbustadar i Balestrand**

Eit av dei viktigaste verktøya til kommunen i å flytte tenesteproduksjonen lenger ned i omsorgstrappa er omsorgsbustadar. Per i dag svarar ikkje kapasiteten på omsorgsbustadar til dei framskrivne behova. Eit av tiltaka i å gjere noko med dette er å vurdere om noko av bygningsmassen som er nytta som langtids plassar i dag kan gjerast om til omsorgsbustadar. Kommunar som har lukkast i å tilpasse driftsnivået til den verkelegheita som er her i dag, peikar på behovet for å samle omsorgsbustadar nær andre helse- og omsorgsfunksjonar, helst innanfor det som vert omtala som «rullatoravstand».

I forlenginga av arbeidet med å vurdere struktur på langtids plassar, vil det vere nødvendig og hensiktsmessig å gjere denne typen endring. Arbeidet vil starte opp så snart kunnskapsgrunnlaget frå utgreiinga om langtids plassar er til stades, og kome til politisk handsaming så snart vurderingane og prosessane er gjennomført.

### **Struktur bu- og miljøtenesta**

Tenesta har starta eit arbeid med å sjå på strukturane i 2024, og dette arbeidet må halde fram i 2025. I Sogndal sentrum er det vedteke å selje eigedommane som bu og miljø nyttar per tid, og ein treng å finne gode framtidsretta løysingar for dei brukarane det gjeld. Det opnar opp for å tenke nytt rundt den samla strukturen i tenesta, både knytt til bygg og måten ein organiserer tenesta på, med ei meir samla teneste i Sogndal sentrum. Prosessen til no har inkludert tillitsvalde, og i det utgreiingsarbeidet som skal halde fram vert det viktig å sikre god involvering av både tilsette og brukarar. Arbeidet pågår, og vil bli grunnlag for politisk sak når naudsynnte avklaringar er gjort.

### **Struktur kjøkkendrift**

Sogndal har i dag kjøkkendrift knytt til tre institusjonar. Einingane i Balestrand og Leikanger er relativt små. Ved å samle kjøkkendrifta på ein stad vil det kunne hentast ut rasjonaliseringsgevinstar for drifta, og det vil bli eit større fagmiljø for dei tilsette. Samstundes har trenden med å etablere stordrift på kjøkken endra seg, og fleire kommunar reetablerer no mindre kjøkken nærare brukarane for å kunne jobbe betre med ernæring for brukarar og pasientar. Utgreiinga skal hente inn erfaringar frå andre, og legge ei samla vurdering til grunn for ei framtidig politisk sak knytt til ei eventuell strukturendring.

### **Struktur jordmortenesta**

Minkande fødselstal i delar av kommunen gjer at det truleg ikkje er grunnlag for å oppretthalde den strukturen som ligg til grunn i dag. Utgreiinga krev brei involvering av tilsette og innbyggjarar, og ei vurdering av fleire omsyn og scenario før ein eventuelt legg fram politisk sak om endring i struktur. Arbeidet er forventa å vere gjennomført innan 1. tertial 2025.



## 6. Sektorområda



### 6.1 Administrasjon

#### 6.1.1 Kort om sektoren

Kommunen skal ha gode, likeverdige og kostnadseffektive tenester til det beste for innbyggerane våre. Dette fordrar at sektoren tek på alvor den rolla ein har for å bidra til at resten av organisasjonen er best mogleg rigga for å gje desse tenestene.

Sektorområdet administrasjon omfattar tre område: kommunedirektør, HR og støttetjenester og økonomi. Innanfor sektorområdet administrasjon har det i 2023 og hittil i 2024 vore ein del endringar både i organisering og i oppgåver. Denne type endringar er det pårekna at det vil bli meir av i økonomiplanperioden. Det er viktig at administrasjon er rigga på best mogleg måte slik at me kan yte forsvarlege tenester og nå dei ulike nasjonale og lokale krav og føringar. Sogndal kommune har og vil framleis ha eit stort omstillingsbehov. Administrasjonen har nytta den siste tida til å rigge grunnlaget for å kunne jobbe systematisk med SK 2027 slik at det er mogleg å realisere vedtekne innsparingskrav for kommunen med god medverknad og involvering med dei tilsette.

## 6.1.2 Satsingsområde

### Samfunnsplan

Administrasjon vil i 2025 prioritere:

- kompetanseheving og innsparing innanfor innkjøpsområdet
- arbeidet med bemanningssentral og rekruttering til denne
- organisasjonsutvikling
- sikre stabilitet og kompetanse for å kunne jobbe målretta og kontinuerleg med arbeidsprosessar
- analysar og utgreiing økonomi
- aktivt jobbe med søknadar på tilskot slik at me kan sikre god drift og rekruttering til arbeidet som er nødvendig for å klare å møte utfordringsbilete
- systematisk gjennomgang av KOSTRA rapporteringa. Ein har p.t. ikkje prioritert å gjennomføre ein systematisk gjennomgang av kvalitet på føring etter KOSTRA regelverket.

### 6.1.3 Konsekvensjusteringar av sektorrammer

Tabell 6.1.3: Konsekvensjusteringar av sektorrammer administrasjon

Beløp i 1000 kroner	Budsjett 2025	ØP 2026	ØP 2027	ØP 2028
Opphavelig ramme	44 417	42 817	43 417	43 417
Konsekvensjusteringar A2-A5	4 697	3 997	4 697	3 997
Justering løns- og prisvekst	1 240	1 240	1 240	1 240
Konsekvensjustert ramme	50 071	48 054	49 354	48 654
Justering for oppdatert budsjettprognose	90	90	90	90
Sum	50 161	47 741	49 445	48 745
SK 2027 frå ØP 2024-2027	0	1 000	1 000	1 000
SK 2027: Innsparing innkjøp	-424	-678	-678	-678
SK 2027: Innsparing årsverk	-2 000	-3 000	-4 000	-4 000
Struktur	0	-3 500	-4 000	-4 000
<b>Sektorramme administrasjon</b>	<b>48 021</b>	<b>41 967</b>	<b>41 767</b>	<b>41 067</b>

Konsekvensjusteringane består av fleire justeringar som er lagt til grunn gjennom budsjettprosessen, dette vera seg:

- Flytting av stilling frå oppvekst samt helse og omsorg
- Frikjøp av tillitsvalt
- Gjennomføring av val i planperiode
- Politisk godtgjersle

Innsparing SK 2027 og struktur som er innarbeida i sektor administrasjon gjeld innsparing innkjøp og årsverk som omtala i kapittel 5.2.1.

## 6.2 Oppvekst



### 6.2.1 Kort om sektoren

Oppvekst omfattar grunnskule, barnehagar, helsestasjon, interkommunalt barnevern, interkommunal PPT, logopedi, Sogn opplæringscenter og Kringsjå leirskule.

Fellesområdet for oppvekst består av leiar for skular, barnehagar og rådgjevarar. Fellesområdet i oppvekst har drift og kvalitetsutvikling av sektoren som sine hovudarbeidsområde, mellom anna ligg barnehagemynde inn under fellesområde.

### 6.2.2 Satsingsområde

#### Frå samfunnsplan

Oppvekstsektoren vil i 2025 prioritere:

- rekrutteringstiltak, særleg knytt til barnehagesektoren
- språkopplæring for minoritetsspråklege
- tidleg førebygging og innsats
- betre tverrfagleg samarbeid i sektoren og med andre, for å bidra til meir heilskapelege tenester
- vurdering av strukturane for å sikre gode og forsvarlege opplæringstilbod
- kompetanseheving og fagleg utvikling
- kvalitets- og utviklingsarbeid i sektoren i samspel med Statsforvaltaren
- Det er behov for å styrke Sogndal kommune sin stillingsdel i PPT, slik at det systemretta arbeidet i barnehagane og skulane i Sogndal vert styrka og

barn og unge får tidlegare rett og god hjelp der dei er. Dette er pt. Ikkje finansiert.

## Frå Statsbudsjettet

- Barnehage makspris - regjeringa føreslår å føra vidare maksimalprisen i barnehage nominelt på same nivå i 2025 (1 500 kr per månad).
- Bemanning i barnehagar - regjeringa utvidar tilskotsordninga for auka pedagogtettleik i levekårsutsette område til å også omhandle auka grunnbemanning.
- Kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og skule - regjeringa føreslår å styrka tilskotet til kompetanse- og karriereutvikling for lærarar og andre tilsette i skule og barnehage. Regjeringa vil innføra eit heilskapleg system for kompetanse- og karriereutvikling for lærarar og andre tilsette i barnehage og skule. Eit viktig tiltak er rettleiing, og regjeringa føreslår å utvida tilskotsordninga for rettleiing av nyutdanna lærarar til å gjelda barnehagelærarar og lærarar i vidaregåande opplæring frå hausten 2025
- Meld. St. 34 (2023–2024) En mer praktisk skole — *Bedre læring, motivasjon og trivsel på 5.–10. trinn*. Regjeringa føreslår ein auke til skulemiljøteam, styrking av dei nasjonale sentera, ei realfagssatsing, tilskot til utstyr og læringsarenaer, utviklingsprosjekt for ein meir praktisk og fysisk aktiv skule, utvikling av støtteressursar, tiltak på vurderingsfeltet mm. I tillegg føreslår regjeringa å auka investeringsramma for rentekompensasjonsordninga ved innkjøp og investering i utstyr, inventar og læringsarenaer på 5.–10. trinn.
- Skulemiljøteam og beredskapsteam - regjeringa føreslår ekstramidlar til å støtte kommunar til å oppretta skulemiljøteam og beredskapsteam. *Skulemiljøteam* skal bidra til at skular som har særlege utfordringar, får tett oppfølging slik at elevane opplever god læring og trivsel. *Skulemiljøteam* er òg eit viktig tiltak inn i den breie innsatsen med å førebyggja og hindra utanforskap, marginalisering og kriminalitet. *Beredskapsteam* skal vera ei støtte for ein meir målretta innsats mot ungdomskriminalitet og utrygge skulemiljø i kommunane med dei største utfordringane med barne- og ungdomskriminalitet.

### 6.2.3 Konsekvensjusteringar av sektorrammer

Tabell 6.2.3: Konsekvensjusteringar av sektorrammer oppvekst

Beløp i 1000 kroner	Budsjett 2025	ØP 2026	ØP 2027	ØP 2028
Opphavelig ramme	361 723	359 723	359 723	359 723
Konsekvensjusteringar A2-A5	6 501	8 501	8 501	8 501
Justering løns- og prisvekst	12 136	12 136	12 136	12 136
Konsekvensjustert ramme	380 565	380 360	380 360	380 360
Justering for oppdatert budsjettprognose 2025	136	136	136	136
Sum	380 702	380 496	380 496	380 496
SK 2027 frå ØP 2024-2027	0	2 000	2 000	2 000
SK 2027: Innsparing innkjøp	-2 536	-4 057	-4 057	-4 057
SK 2027: Innsparing sjukefråvær	-1 400	-2 800	-2 800	-2 800
Struktur	0	0	0	0
<b>Sektorramme oppvekst</b>	<b>376 560</b>	<b>375 639</b>	<b>375 639</b>	<b>375 639</b>

Konsekvensjusteringane består av fleire justeringar som er lagt til grunn gjennom budsjettprosessen, dette vera seg:

- Redusert maksimalpris barnehagar
- Gratis kjernetid SFO
- Mellombels avvikling Fjordtun oppvekstsenter
- Flytting av stilling til administrasjon
- Manglande kompensasjon gratis SFO 1. og 2. klasse
- Styrking vikarbudsjett barnehage
- Tilførsel for ressurskrevjande brukar
- Gevinstar ved nytt prøvegjennomføringssystem i grunnskolen
- Barnevernsreforma – overgangsordninga spesialiserte fosterheimar
- Pensjon for fosterforeldre

Innsparing SK 2027 og struktur som er innarbeida i sektor oppvekst gjeld innsparing innkjøp og sjukefråvær gjennom redusert vikarbruk som omtala i kapittel 5.2.1.



## 6.3 Helse og omsorg

### 6.3.1 Kort om sektoren

Helse og omsorg består av sju einingar, som omfattar tre sjukeheimar, heimetenester, legeteneste, psykiatri og rus, fysioterapi, ergoterapi, og bu og miljøteneste, samt tildelingskontoret. Fem av einingane har døgnkontinuerlege tenester.

Fellesområdet helse og omsorg består av kommuneoverlege, miljøretta helsevern, og rådgjevarar. Fellesområdet i helse og omsorg har og sakshandsaming i skjenkesaker i Sogndal kommune. Dei tre sjukeheimane tilbyr alle korttidsopphald, avlastningsopphald, rehabiliteringsopphald og langtids plass. Kommunen sitt tilbod innanfor KAD (kommunal akutt døgneining) er plassert ved Sogndal helse- og omsorgssenter (SHOS).

### 6.3.2 Satsingsområde

#### Frå samfunnsplan

Sektor helse vil i 2025 prioritere:

- rett nivå på tenestene
- kompetanse og samhandling
- dialog med innbyggjarane og frivillighet i kombinasjon med satsingane mot SK2027
- turnus og organisering
- måten me løyser oppgåvene på
- fagutvikling og fornying
- teknologi og digitalisering
- rask psykisk helsehjelp

#### Frå statsbudsjettet

- Helsesamarbeid – kommunar og helseføretak - regjeringa føreslår ein auke i rekrutterings- og samhandlingstilskot som skal stimulera til forpliktande samarbeid mellom kommunar og helseføretak om tenesteutvikling og gode pasientforløp, og dessutan støtta opp under tiltak som fremjar rekruttering og god bruk av personell i helseregionane. Sogndal kommune er deltakar i eit prosjekt i regi av helsefelleskapet i Sogn og Fjordane der ein arbeider for å forstå omfanget av rekrutteringsutfordringane innan helse og omsorg. Det blir søkt midlar til dette prosjektet frå denne ordninga.
- Helseteknologi - regjeringa føreslår å vidareutvikle helseteknologiordninga. Helseteknologiordninga skal stimulera til innføring av helseteknologi og samhandlingsløysingar i kommunane. Helse og omsorg vil søkje midlar inn mot digitale samhandlingsløysingar retta mot utvikling og tilpassing av pasientjournalssystema.
- Menn i helse Sogndal kommune har gode erfaringar med prosjektet når kandidatane er motiverte for deltaking. Sogndal kommune tek i mot inntil 8 kandidatar til utprøving i 2025, og inntil 6 kandidatar etter intervju til deltaking i Menn i helse. Det er også utlyst stilling som fylkeskoordinator for Menn i helse for Sogn og Fjordane

- Heildøgns omsorgsplassar - regjeringa føreslår ei løyving til nye tilsegner om tilskot til heildøgns omsorgsplassar (under dette sjukeheims plassar) i 2025. Her må det søkast tilskot i samband med at ein startar utbygging av nye heildøgns omsorgsplassar.

### 6.3.3 Konsekvensjusteringar av sektorrammer

Tabell 6.3.3: Konsekvensjusteringar av sektorrammer helse og omsorg

Beløp i 1000 kroner	Budsjett 2025	ØP 2026	ØP 2027	ØP 2028
Opphavelæg ramme	408 323	379 323	375 043	375 043
Konsekvensjusteringar A2-A5	-1 405	-1 201	-1 201	-1 201
Justering løns- og prisvekst	13 553	13 553	13 553	13 553
Konsekvensjustert ramme	420 675	391 470	387 190	387 190
Justering for oppdatert budsjettprognose 2025	30 759	30 759	30 759	30 759
Sum	451 434	422 229	417 949	417 949
SK 2027 frå ØP 2024-2027	0	24 000	26 000	26 000
SK 2027: Innsparing innkjøp	-2 624	-4 198	-4 198	-4 198
SK 2027: Innsparing vikarbyrå	-3 500	-5 000	-5 000	-5 000
SK 2027: Innsparing sjukefråvær	-2 750	-5 500	-5 500	-5 500
Struktur	-17 545	-33 090	-37 090	-37 090
<b>Sektorramme helse og omsorg</b>	<b>424 810</b>	<b>398 441</b>	<b>392 161</b>	<b>392 161</b>

Konsekvensjusteringane består av fleire justeringar som er lagt til grunn gjennom budsjettprosessen, dette vera seg:

- Styrking psykisk helse og rus
- Flytting av stillingar til administrasjon
- Ny avdeling psykisk helse og rus på Leikanger
- Justering tildelingskontoret
- Vaksinasjon mot covid-19 og pneumokokk

Innsparing SK 2027 og struktur som er innarbeida i sektor helse gjeld innsparing innkjøp, eksternt vikarbyrå og sjukefråvær gjennom redusert vikarbruk som omtala i kapittel 5.2.1.



## 6.4 Samfunn

### 6.4.1 Kort om sektoren

Sektorområdet samfunn inneheld tekniske tenester (bygg og eigedom, veg og park og vatn og avløp), plan og forvaltning, kultur og IKT. I tillegg er NAV og næringsutvikling del av sektoren.

### 6.4.2 Satsingsområde

#### Frå samfunnsplan

Sektor samfunn vil i 2025 prioritere:

- betre samhandling på tvers, både internt i sektoren og med andre sektorområde
- meir regionalt samarbeid, med særleg merksemd på dei minste og mest sårbare fagmiljøa
- meir innbyggjarretta tenester, forvaltning og samfunnsutvikling
- innanforskap og medborgarskap
- auka bruk av nyttig teknologi og digitale løysingar som fremjar effektivitet og kvalitet i tenestene

#### Frå Statsbudsjett

- Meirverdiavgift – redusert sats for vatn og avløp - Regjeringa føreslår å redusera meirverdiavgiftssatsen for vatn frå vassverk og for avløpstenester, frå 25 prosent til 15 prosent med verknad frå 1. mai 2025.
- Bygdekinoen - regjeringa føreslår å auka tilskotet til Bygdekinoen med 2 mill. kroner. Auken skal bidra til å halda oppe kinotilbodet i distrikta.
- Bygdevekst - regjeringa føreslår å vidareføre denne satsinga i 2025.
- Frivilligsentralar - regjeringa føreslår 2 mill. kr til ei tilskotsordning for å bidra til aldersvennleg frivilligheit og utvikla lågterskel-møteplassar for eldre.
- Husbanken si låneramme - regjeringa foreslår at Husbanken får ei låneramme på 29 mrd. kr i 2025 for å bidra til at fleire kan eige sin eigen bustad, og til fleire eigna bustader i heile landet. Husbanken kan prioritera inntil 1 mrd. kroner av låneramma til lån til bustadkvalitet og lån til utleigebustadar i distriktskommunar i klasse 5 og 6 i SSB sin sentralitetsindeks (Sogndal kommune er i klasse 5).
- Integrering – tilskot til kommunane  
Regjeringa føreslår over 27 mrd. kr i tilskot til kommunane for deira arbeid med busetjing og integrering i 2025.  
Regjeringa føreslår å prisjustera integreringstilskotet kommunane får for å busetja og integrera flyktningar.

### 6.4.3 Konsekvensjusteringar av sektorrammer

Tabell 6.4.3: Konsekvensjusteringar av sektorrammer samfunn

Beløp i 1000 kroner	Budsjett 2025	ØP 2026	ØP 2027	ØP 2028
Opphøveleg ramme	165 356	158 719	155 734	155 734
Konsekvensjusteringar A2-A5	984	-9 119	-12 194	-15 746
Justering løns- og prisvekst	6 492	6 492	6 492	6 492
Konsekvensjustert ramme	172 906	156 092	150 031	146 479
Justering for oppdatert budsjettprognose 2025	-1 553	790	790	790
Sum	171 353	156 882	150 821	146 535
SK 2027 frå ØP 2024-2027	0	3 000	3 000	3 000
SK 2027: Innsparing innkjøp	-3 899	-6 239	-6 239	-6 239
SK 2027: Innsparing stillingar	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
SK 2027: Innsparing sjukefråvær	-350	-700	-700	-700
Struktur	-1 075	-2 980	-2 980	-2 980
<b>Sektorramme samfunn</b>	<b>164 956</b>	<b>148 963</b>	<b>142 902</b>	<b>139 350</b>

Konsekvensjusteringane består av fleire justeringar som er lagt til grunn gjennom budsjettprosessen, dette vera seg:

- Reduksjon reinhald (gevinst, investering)
- Driftstilskot basseng Kvåle
- Auka inntekt parkering
- Nedjusterte husleigeprisar
- Auka behov for sosialhjelp endringar i eingongsstønad ved fødsel og adopsjon
- Auka minstesats KVP-mottaker frå 1. juli 2024
- Prisjustering tilskot kyrkja
- Eingongsstønad kyrkja
- Tilskot Vestlandsforskning
- Korpsstøtte
- Tilskot Studentsamfunnet i Sogndal

Innsparing SK 2027 og struktur som er innarbeida i sektor samfunn gjeld innsparing innkjøp, sjukefråvær gjennom redusert eksternt innleige som omtala i kapittel 5.2.1.

## 6.5 Kraft

### 6.5.1 Kraft

Sogndal kommune har 35 GWh heimfallskraft og 30 GWh konsesjonskraft. Konsesjonskrafta gir skattefrie inntekter, medan ein må betale både overskottskatt og grunnrenteskatt på heimfallskrafta. Inntekta varierer med kraftprisane og desse svingar mykje mellom år. Det er også stor skilnad i kraftpris mellom områda i Norge. På grunn av ei justering av at områdegrensar er justert, er konsesjonskrafta frå Mel kraftverk frå 2023 i prisområde NO5. Denne krafta er på 15,9 GWh.

Som venta for inn i gjeldande økonomiplanperiode har kraftprisane normalisert seg i løpet av 2024 og kraftinntektene framover er estimert tilbake på eit meir normalt nivå.

For 2025 er 15,9 GWh konsesjonskraft frå Mel kraftverk i NO5 seld til fastpris om lag 58,2 kroner/kWh og 7,9 GWh konsesjonskraft Statkraft i NO3 (Midt-Norge) er seld til 37,92 øre/kWh.

Konsesjonskrafta frå Årøy kraftverk på 5,9 GWh er omfatta av ein tilbakekjøpsavtale med Sognekraft AS. Inntektene frå sistnemnte er ikkje direkte knytt til spotpris, og samvarierer med den.

Heimfallskrafta på 35 GWh er seld til spotpriskontrakt, pluss påslag grunna skattemessige forhold. Denne krafta ligg i prisområde NO3 (Midt-Norge).

For konsesjons- og heimfallskrafta betalar kommunen ein fast pris fastsett av OED. Denne var 12,31 øre/kWh i 2024. I tillegg må ein betale nettleige for innmating av krafta på om lag 2 øre/kWh.

Det er framleis stor uvisse knytt til pris- og dermed inntektsutviklinga i økonomiplanperioden for den delen av krafta som ikkje er sikra til spotpris.

### 6.5.2 Driftsbudsjett

Tabell 6.5.2: Driftsbudsjett kraft

Budsjettramme fordelt på kontorgruppe Beløp i 1000 kroner	Opphavelig budsjett 2024	ØP 2025	ØP 2026	ØP 2027	ØP 2028
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	140	140	140	140	140
Overføringsutgifter	16 250	12 510	12 510	12 510	12 510
Salsinntekter	-40 390	-24 350	-24 650	-24 950	-26 050
Sum gevinst	-24 000	-11 700	-12 000	-12 300	-13 400

## 6.6 Fellesområde pensjon og lønsavsetning

Fellesområdet pensjon og lønsavsetningar blir nytta til å setta av til lønsoppgjeret, føring av premieavvik og avskrivningar. Pensjonsutgifter vert budsjettert på sektorane med 13,76 prosent avsetning til KLP og 8,13 prosent avsetning til Statens pensjonskasse (SPK). Arbeidstakar sin del på 2 prosent kjem i tillegg.

I statsbudsjettet er det lagt til grunn at lønsveksten i 2025 vil bli 4,5 prosent av brutto lønn. Til å dekkja auka løns- og pensjonskostnader er det i budsjettet sett av 39,6 mill. kr inklusiv sosiale utgifter.

I 2025-2028 er det sett av 39,8 mill. kr årleg som skal dekke lønnsoppgjer og auka pensjonskostnader. Dette vert fordelt på sektor i løpet av budsjettåret.

Avskrivningar blir budsjettert samla på dette ansvaret, men fordelt på rett teneste. For 2025 er det budsjettert med 80 mill. kr i avskrivningar og tilsvarande på ein motpost for avskrivningar.

Tabell 6.6: Fellesområde pensjon og lønnsavsetning

Beløp i 1000 kroner	Budsjett 2025	ØP 2026	ØP 2027	ØP 2028
Fellesområde pensjon og lønsavsetningar	34 000	34 000	34 000	34 000
Auka avsetting til pensjon SPK og KLP	5 800	5 800	5 800	5 800
Avskrivningar	80 000	80 400	86 500	95 000
Motpost avskrivningar	-80 000	-80 400	-86 500	-95 000
<b>Fellesområde pensjon og lønsavsetningar A5/24</b>	<b>39 800</b>	<b>39 800</b>	<b>39 800</b>	<b>39 800</b>

## 7. Løyvingsoversikter

Kommunelova med forskrifter set krav til innhald i årsbudsjettet og økonomiplan.

### 7.1 Løyvingsoversikt drift

Løyvingsoversikt 1 er eit sentralt dokument som gir ein oversikt over dei sentrale inntektene og utgiftene i driftsdelen for planperioden. Dette skjemaet inkluderer dei økonomiske postane som ikkje er direkte knytt til særskilde sektorområde.

Tabell 7.1: Løyvingsoversikt etter budsjettforskrifta § 5-4 del 1

<b>Løyvingsskjema 1</b> Beløp i 1000 kroner	<b>Opphavelg budsj. 2024</b>	<b>Budsjett 2025</b>	<b>ØP 2026</b>	<b>ØP 2027</b>	<b>ØP 2028</b>	<b>Rekneskap 2023</b>
Rammetilskot	-525 191	-546 039	-540 453	-540 723	-540 875	-487 522
Inntekts- og formueskatt	-405 474	-450 124	-459 039	-459 039	-459 039	-388 160
Eigedomsskatt	-86 022	-103 787	-105 787	-107 787	-107 787	-78 916
Andre generelle driftsinntekter	-79 568	-96 729	-96 721	-96 550	-96 380	-100 831
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-1 096 255</b>	<b>-1 196 679</b>	<b>-1 202 000</b>	<b>-1 204 100</b>	<b>-1 204 081</b>	<b>-1 055 430</b>
Sum frå løyvingsskjema 2	1 050 726	1 118 189	1 062 610	1 049 769	1 044 417	986 901
Avskrivningar	75 538	80 000	80 100	85 700	94 200	75 538
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>1 126 264</b>	<b>1 198 189</b>	<b>1 142 710</b>	<b>1 135 469</b>	<b>1 138 617</b>	<b>1 062 439</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>30 010</b>	<b>1 510</b>	<b>-59 291</b>	<b>-68 631</b>	<b>-65 465</b>	<b>7 010</b>
Renteinntekter	-18 000	-16 200	-15 500	-15 600	-15 600	-16 816
Utbyte	-11 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	-15 489
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	-5 000	-6 000	-6 000	-6 000	-6 000	-7 965
Renteutgifter	63 200	63 400	73 300	83 700	85 500	45 907
Avdrag på lån	45 000	48 000	50 100	57 800	64 300	41 000
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>74 200</b>	<b>79 200</b>	<b>91 900</b>	<b>109 900</b>	<b>118 200</b>	<b>46 635</b>
Motpost avskrivningar	-75 538	-80 000	-80 100	-85 700	-94 200	-75 538
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>28 672</b>	<b>710</b>	<b>-47 491</b>	<b>-44 431</b>	<b>-41 465</b>	<b>-21 893</b>
Overføring til investering	2 800	2 800	2 800	2 800	2 800	12 850
Avsetjing til bundne driftsfond	3 902	4 147	4 100	4 100	4 100	11 588
Bruk av bundne driftsfond	-14 701	-9 590	-7 000	-7 000	-7 000	-17 943
* Herav frå Løyvingsskjema 2 (netto)	-12 198	-6 943	-4 400	-4 400	-4 400	-3 477
Avsetjing til disposisjonsfond	51 244	72 400	113 991	110 931	107 965	61 638
Bruk av disposisjonsfond	-71 917	-70 467	-66 400	-66 400	-66 400	-46 240
* Herav frå Løyvingsskjema 2 (netto)	-49 840	-68 800	-65 400	-65 400	-65 400	-49 935
Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0
<b>Sum diponeringar eller dekking av netto driftsresultat</b>	<b>-28 672</b>	<b>-710</b>	<b>47 491</b>	<b>44 431</b>	<b>41 465</b>	<b>21 893</b>
<b>Framført til inndekking i seinare år</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### 7.2 Løyvingsoversikt drift del 2

Løyvingsoversikt 2 inneheld budsjettramma for sektorområda i planperioden. Det er viktig å merke seg at denne budsjettramma inkluderer avsetjing til og bruk av fond. Desse postane er oppført på eigne linjer i skjemaet. Ein sektor er sett saman av fleire tenesteområde som naturleg høyrer saman.

Sogndal kommune har disse inndelingane av sektorområda: «Administrasjon», «Oppvekst», «Helse og omsorg» og «Samfunn».

### Sektorområda sine budsjett

Sektorrammer som er lagt til grunn i løyvingsoversikt 2 framkjem i tabell 8.2 under. Samla budsjetttramme for sektorområda aukar frå 989 mill. kr i opphavelig budsjett 2024 til 1 042 mill. kr i budsjett 2025.

Tabell 7.2: Løyvingsoversikt – budsjetttramme sektorområda etter budsjettforskrifta § 5-4 del 2

<b>Løyvingsskjema 2</b> Beløp i 1000 kroner	Ophaveleg budsj. 2024	Budsjett 2025	ØP 2026	ØP 2027	ØP 2028	Rekneskap 2023
Administrasjon	43 295	48 021	41 967	41 767	41 067	44 020
Oppvekst	357 705	376 560	375 639	375 639	375 639	353 786
Helse og omsorg	404 021	424 810	398 441	392 161	392 161	401 352
Samfunn	173 666	164 956	148 963	142 902	139 350	165 263
Kraft	-24 000	-11 700	-12 000	-12 300	-13 400	-33 895
Fellesområde pensjon og lønnsavsettingar	34 000	39 800	39 800	39 800	39 800	2 962
<b>Budsjetttramme sektorområda</b>	<b>988 688</b>	<b>1 042 446</b>	<b>992 810</b>	<b>979 969</b>	<b>974 617</b>	<b>933 488</b>
<b>Overført til løyvingsskjema 1</b>						
	Ophaveleg budsj. 2024	Budsjett 2025	ØP 2026	ØP 2027	ØP 2028	Rekneskap 2023
Budsjetttramme eks. avsetj./bruk - fond	1 050 726	1 118 189	1 062 610	1 049 769	1 044 417	934 311
Overføring til investering	0	0	0	0	0	900
Avsetjing til disposisjonsfond	1 244	0	0	0	0	20 475
Buk av disposisjonsfond	-51 085	-68 800	-65 400	-65 400	-65 400	-56 733
Avsetjing til bundne driftsfond	710	0	0	0	0	10 024
Bruk av bundne driftsfond	-12 908	-6 943	-4 400	-4 400	-4 400	-9 826
<b>Budsjetttramme sektorområda</b>	<b>988 688</b>	<b>1 042 446</b>	<b>992 810</b>	<b>979 969</b>	<b>974 617</b>	<b>899 151</b>



## 8. Investeringar



### 8.1 Investeringsprogram 2025 – 2028

Kommunestyret skal for kvart år vedta eit investeringsbudsjett. Budsjettet skal vere realistisk og fastsett på grunnlag av forventa inntekter og utgifter i det enkelte budsjettår. Investeringsbudsjettet er eittårig, løyvingane er årsavhengige. Dette betyr at investeringar som går over fleire budsjettår, skal takast med i investeringsbudsjettet berre med den delen av utgiftene til prosjektet som er forventa i det aktuelle budsjettåret.

I investeringsplanen for 2025-2028 er det lagt inn investeringar for 1 117,4 mill. kr i planperioden. Tabellen nedanfor syner investeringar per prosjekt for kvart av dei 4 åra i planperioden. Alle investeringar i varige driftsmidlar, med unntak av VA og parkering vert budsjettert med mva.

Samla bruk av lån i økonomiplanperioden er på 915,8 mill. kr. Bruk av lån i 2025 består av nye lån og unytta lånemidlar frå 2024. Nye lån utgjer 278,4 mill. kroner.

Tabell 8.1: Løyvingsoversikt investering § 5-5, del 1

Løyvingsoversikt Investering <small>Beløp i 1000 kroner</small>	Opph. budsjett 2024	Budsjett 2024 inkl. endring	Budsjett				Rekneskap 2023
			2025	ØP 2026	ØP 2027	ØP 2028	
Investeringar i varige driftsmiddel	194 750	165 836	384 750	471 875	197 300	63 500	102 016
Tilskot til andre sine investeringar	11 000	11 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 517
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	2 800	2 800	2 800	2 800	2 800	2 800	11 783
Utlån av eigne midlar	3 000	-	-	-	-	-	-
Avdrag på lån	-	-	-	-	-	-	-
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>211 550</b>	<b>179 636</b>	<b>388 550</b>	<b>475 675</b>	<b>201 100</b>	<b>67 300</b>	<b>115 316</b>
Kompensasjon for meirverdiavgift	-26 410	-18 914	-66 350	-87 375	-32 200	-5 700	-10 874
Tilskot frå andre	-14 000	-250	-	-14 000	-	-	-8 329
Sal av varige driftsmiddel	-	-	-	-	-	-	-1 256
Sal av finansielle anleggsmiddel	-	-	-	-	-	-	-
Utdeling frå selskap	-	-	-	-	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-1 038	-	-1 050	-4 062	-7 062	-4 062	-1 209
Bruk av lån	-165 340	-156 592	-319 400	-371 500	-166 100	-58 800	-81 847
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>-206 788</b>	<b>-175 756</b>	<b>-386 800</b>	<b>-476 937</b>	<b>-205 362</b>	<b>-68 562</b>	<b>-103 516</b>
Vidareutlån	60 000	40 000	40 000	30 000	30 000	30 000	61 249
Bruk av lån til vidareutlån	-60 000	-40 000	-40 000	-30 000	-30 000	-30 000	-61 249
Avdrag på lån til vidareutlån	2 000	2 000	6 000	6 000	4 000	10 000	5 353
Mottatte avdrag på vidareutlån	-2 000	-2 000	-6 000	-6 000	-4 000	-10 000	-6 200
<b>Netto utgifter vidareutlån</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-847</b>
Overføring frå drift	-2 800	-3 880	-2 800	-2 800	-2 800	-2 800	-12 850
Avsetting til bundne investeringsfond	-	-	-	-	-	-	870
Bruk av bundne investeringsfond	-	-	-	-	-	-	-
Avsetting til ubundne investeringsfond	1 038	-	1 050	4 062	7 062	4 062	1 026
Bruk av ubundne investeringsfond	-3 000	-	-	-	-	-	-
Dekking av tidlegare års udekkde beløp	-	-	-	-	-	-	-
<b>Sum overføring frå drift og netto avsetning</b>	<b>-4 762</b>	<b>-3 880</b>	<b>-1 750</b>	<b>1 262</b>	<b>4 262</b>	<b>1 262</b>	<b>-10 954</b>
<b>Framført til inndekking i seinare år (udekkde beløp)</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

Tabell 8.2: Løyvingsoversikt investeringsprosjekt § 5-5, del 2

Prosjekt		Budsjett 2024 inkl. endring	ØP 2025	ØP 2026	ØP 2027	ØP 2028	Rekneskap 2023
20223	Musikkbinge Kaupanger						
20301	Omsorgsbustader Stedjevegen/Kyrkjebakken	1 000	0	21 000	14 000	0	0
20602	Ny slamskiljar Lunde	0	500	0	0	0	0
20606	Vassleiding VL 110 Lunde	0	0	0	1 300	0	0
21303	Utbygging av skule og basis- og fleirbrukshall i Sogndal sentrum	10 258	150 000	270 000	100 000	0	852
22310	Barnehage Kaupanger	5 500	0	38 000	16 000	0	0
22325	Administrasjon og kulturlokale Saften	4 000	65 000	40 000	0	0	382



23401	Trafikkløysing Leikanger barneskule	2 500	0	0	0	0	0
23402	Gateløys - utskifting	1 500	2 000	2 000	2 000	0	2 316
23403	Oppgradering av Kvålevegen/gangveggar	5 000	0	0	0	0	382
23503	Renseanlegg Sogndal	1 000	0	0	0	0	0
23504	VA Nornes	5 700	15 000	0	0	0	657
	Barnehage Leikanger	0	0	0	500	0	0
	VA Kongabergevegen	4 442	0	0	0	0	0
	Oppgradering av Amlavegen	11 000	0	0	0	0	0
	Kulturhuset - ungdomslokale/sal av Solhov	0	0	0	0	0	0
12500	Rammeløyving IKT	3 500	3 500	3 500	3 500	3 500	0
22501	NY Kjøp av bustadar	0	10 000	0	0	0	0
22502	NY Oppfølging av tiltaksplan Kvernhusaugen	0	12 000	0	0	0	0
22503	NY Symjebasseng Kvåle	0	63 750	37 375	0	0	0
22504	NY LED-lys i formålsbygg	0	3 000	5 000	5 000	5 000	0
	NY Oppgradering Kyrkjebakken barnehage	0	5 000	0	0	0	0
32500	Bygg - Rammeløyving	11 500	4 600	9 500	9 500	9 500	0
32501	Ny inngang brannstasjon Balestrand	0	450	0	0	0	0
32502	Oppgradering garderobar Belehalli	0	2 500	0	0	0	0
32503	Kjøleanlegg Balestrand helsetun	0	1 200	0	0	0	0
32504	Skifte kledning/verandaer Plassen 8	0	750	0	0	0	0
42500	Veg - Rammeløyving	8 000	4 000	7 100	9 500	9 500	0
42501	Fartshumpar i bustadfelt 2025	0	500	0	0	0	0
42502	Rekkverk Øyragrendi	0	800	0	0	0	0
42503	Sikring av stein i Bråtane	0	800	0	0	0	0
42504	Busstopp nedre Kjørnes	0	300	2 400	0	0	0
42505	Innkjøp av maskiner	0	3 100	0	0	0	0
52500	Avlaup - Rammeløyving	3 300	15 000	15 000	15 000	15 000	0
52550	Vatn ramme-løyving	3 300	20 000	20 000	20 000	20 000	0
92500	Grunnkjøp/sal - rammeløyving	915	1 000	1 000	1 000	1 000	0
	<i>Avslutta prosjekt varige driftsmidlar</i>	83 421	0	0	0	0	0
	<b>SUM Varige driftsmidlar</b>	<b>165 835</b>	<b>384 750</b>	<b>471 875</b>	<b>197 300</b>	<b>63 500</b>	<b>0</b>
21800	Eigekapitaltilskot KLP	2 800	2 800	2 800	2 800	2 800	0
22800	Investeringsbehov kyrkjeleg fellesråd	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	0
	Kyrkjestove Kaupanger gravlund	10 000	0	0	0	0	0
	<b>SUM tilskot og aksjar</b>	<b>13 800</b>	<b>3 800</b>	<b>3 800</b>	<b>3 800</b>	<b>3 800</b>	<b>0</b>

## 8.2 Prosjektomtaler

### **Omsorgsbustader**

Det er planlagt seks bustader for avlastning/barnebustader, inkludert ein personalbase i Sogndal sentrum. Prosjektet er gjennomgått med Husbanken og er i ein søknadsfase med dei. Det er føresett 45 prosent tilskot frå Husbanken. Opphavelag vart det lagt til grunn 5 mill. kr. i 2023 og 26 mill. kr. 2024, men prosjektet er noko forseinka. Budsjett vart deretter sett opp med 15 mill. kr i 2024 og 21 mill. kr i 2025. Prosjektet er ytterlegare forseinka, og budsjett 2024 er justert til 1 mill. kr i 2024, i tillegg til 21 mill. kr i 2026 og 14 mill. kr i 2027. Prosjektet føreset at Husbanken har midlar over statsbudsjettet til denne typen tilskot til kommunane. Det er budsjettert med tilskot på 14 mill. kr frå Husbanken. Som følgje av intensjonsavtale om utbygging i Stedjevegen må ein vurdere alternativ lokalisering, evt. bør prosjektet planleggjast ferdig og vere klart til innflytting når utbygging i Stedjevegen kan starte.

### **Ny slamskiljar og vassleidning Lunde**

Det var er sett av 1,8 mill. kr til slamavskiljar for avlaup og utskifting av vassleidning frå Lunde Bustadfelt i 2022 som vart utsett. Prosjektet er i tråd med hovudplan for vassforsyning i Balestrand. Prosjekta har i budsjett ei oppsett ramme på høvesvis 500 000 og 1 300 000 i 2025 og 2027, i påvente av ny hovudplan for avlaup.

### **Skuleutbygging Sogndal sentrum**

Kostnadsramma i økonomiplanen er eit førebels estimat. Utllysing av konkurranse er gjennomført, juryarbeid er i slutfasen. Total kostnadsramme i planperioden er 530 mill. kr.

### **Barnehage Kaupanger**

Formannskapet vedtok i møte 21. november 2024 å tilrå til kommunestyret at nytt barnehagebygg skal vidareførast i budsjettet for 2025 og 2026 med mål om opning august 2026. Administrasjonen skal forlenge avtalen med Kaupanger idrettslag på dagens lokale til det nye barnehagebygget er ferdig bygd. Ut frå kva som vert vurdert som realistisk er midlane lagt inn i 2026 og 2027.

### **Oppgradering av Kyrkjebakken barnehage**

Kommunestyret vedtok i møte 19. desember 2024 å heve avtalen med Saman om realisering av barnehage på Kvåle med grunngeving i svært høge og uføresette infrastrukturkostnader. Som konsekvens var det sett av ei ramme til oppgradering av Kyrkjebakken barnehage på 5 mill. kr i investeringsbudsjettet for 2025.

### **Samfunn og kulturlokale m.m. Saften**

Grunna branntekniske tilhøve, prisstigning, og auke i tal kvadratmeter med ombygd areal vert prosjektet dyrare enn føresett. Utan leilegheiter er prosjektet innanfor ramma i vedteken økonomiplan, men sidan føresetnadane er endra er det fremja eiga sak om investeringsbeslutning.

### **Gatelys – utskifting**

Det var i samband med budsjett 2022 vedteke å vurdere utskifting av energikrevjande gatelys til moderne LED-lys med høve for styring for å spare driftskostnader på sikt. Høge straumprisar gjer at nokre av desse prosjekta er lønsame og vil vere inntent etter 5-10 år. Det er med utgangspunkt i dette sett av 2 mill. kr for kvart år i økonomiplanperioden.

## **IKT - rammeløyving**

I dette avsnittet er det samla alle investeringar knytt til IKT, og dette fordeler seg slik i 2025:

- *Digitalisering i skule og barnehage:* Naudsynt utskifting for å sikre at tilsette og barn i skular og barnehagar har tilgang på oppdatert og fungerande digitalt utstyr. Ei jamn utskiftingstakt på digitalt utstyr bidreg til å unngå høgare utgifter i einskilde år for einingane. Kostnad: 1,5 mill. kr.
- *IT-sikkerheit:* Betring av sikkerheit på fleire nivå. Dette gjeld både nettverk, tenester og einingar, også investeringskostnader knytt til redundante tenester, oppgradering og overvaking av løysingar i tekniske rom. Her kjem både adgangskontroll av tekniske rom, samt utskifting av ein del UPS-ar inn som tiltak. Kostnad: 0,35 mill. kr.
- *Dataabling:* Sogndal kommune har ein omfattande bygningsmasse. Dataablane i bygga har ei levetid på 15-20 år. Det gjenstår framleis ein del bygg, og i 2025 er det Sagatun skule og Kulturhuset i Sogndal som står for tur. Kostnad: 0,3 mill. kr.
- *PC, skjermar, møteromsutstyr og anna:* Dei siste åra er det skifta ut ein del utstyr (PC, skjerm, dockingstasjonar, anna utstyr), men det er behov for å oppretthalde kontinuerlege investeringar knytt til dette. Samtidig ser ein og at det har vore ein markant prisauke på desse produkta. Særskilt bør ein halde fram med å støtte utskiftingstakta i sektor helse og omsorg. Legekontora, og på SHOS. Levetid PC: 4 år. Levetid skjermar: 5-7 år. Kostnad: 1,2 mill. kr.
- *Breibandutbygging:* Kommunen har fått godkjent søknad til Vestland fylkeskommune om eit samarbeidsprosjekt for å sikre utbygging av fiber i Esefjorden, Sværefjorden og Vetlefjorden i Balestrand. Kostnad for kommunen er berekna til om lag 0,14 mill. kr, med tilskotsmidlar frå VLFK på ca 5,7 mill. kr. Søknaden og anbod er godkjent og tildelt, men det er eit lite forbehold om finansiering frå VLFK.
- Kommunen har motteke tilskotsmidlar til gjennomføring av Digihjelpen-prosjektet. Tilskotsmidlane er avsett på bunde fond og vert nytta til å gjennomføre prosjektet i 2025.

## **Kjøp av bustader**

I budsjett for 2024 er det lagt inn ramme på 10 mill. kr. for kjøp av bustader. Årsak er knytt til behov for å endre samansettinga av bustadmassen som vert nytta til utleige. Endringane er knytt til stort behov for både oppgradering og fornying, samt legge til rette for betre bumiljø i framtida med meir hensiktsmessig fordeling av bustader. Å gjennomføre slik endring krev at ein treff best mogleg med investeringane slik at målsettingane for det bustadsosiale arbeidet vert innfridd. Endringa krev og at det må gjennomførast investeringar før mellom anna sal av anna eigedom kan vere med å finansiere vidare fornying.

Tiltak for å nytte midlane i 2024 budsjettet er forsinka, slik at midlane ved midten av november står ubrukt. Det er stort behov for å vidareføre tilsvarande ramme på 10 mill. kr. for 2025 for å vidareføre sterkt naudsynt satsing på den fysiske bygningsmassen retta mot det bustadsosiale arbeidet.

## **Oppfølging av tiltaksplan Kvernhusaugen**

Sogndal kommune har motteke pålegg frå Statsforvaltaren i Vestland om å sikre mot spreining av ureining frå den nedlagte avfallsplassen på Kvernhusaugen på

Kaupanger. I hovudtrekk går tiltaka ut på masseutskifting, avskjerande grøfter, arrondering av terreng for betre overflateavrenning, ny strekning og oppdatering av leidningar for overvatn, oppsamling av sigevatn, ureina overflatevatn og etablering av lokalt reinseanlegg. Omfanget av tiltaka er relativt stort som følgje av storleik på areal og detaljert løysing må både prosjekterast og godkjennast før gjennomføring, frist for tiltak er 31.12.2025. Ein ser føre seg å gjennomføre prosjektering primo 2025 og gjennomføre tiltak etter tele og snø er ute av terrenget. Grovt førebels kostnadsestimat er på 10-12 mill. kr.

### **Symjebasseng Kvåle**

Kommunestyret vedtok i sak 40/2024 - rehabilitering av symjeanlegg på Kvåle, å gå vidare med planlegging av alternativ 2, treningsbasseng og opplæringsbasseng i samarbeid med Vestland fylkeskommune og i sak 73/2024 vedtok kommunestyret:

1. *Kommunestyret sluttar seg til framlegget til intensjonsavtale og gjev kommunedirektøren fullmakt til å signere avtalen.*
2. *Budsjett for prosjektet vert innarbeidd i budsjett- og økonomiplan og lagt fram som ein del av budsjettet for 2025 og økonomiplan 2025 – 2028.*
3. *Endeleg vedtak om oppstart av prosjektet vert lagt fram for kommunestyret etter at skisseprosjekt er gjennomført og totale prosjektkostnader er klarlagd.*

Intensjonsavtalen er signert og ei arbeidsgruppe jobbar no med å klargjere anbudsdocumenta. Det er lagt opp til oppstartsvedtak etter at det er henta inn anbod/prisar og ein eigar-/driftsavtale er utarbeida. Det er utarbeida ei grovkalkyle for kostnadane for prosjektet.

### **NY - LED-lys i formålsbygg**

Sogndal kommune må gjera ein totalutskifting av armatur med lysstoffrøyr i bygga sine, i hovudsak vil dette gjelde formålsbygga. Dette er dels grunna eit forbod mot lysstoffrøyr vedteke i EU, samt den energiøkonomiske gevinsten som ligg i å gå frå energikrevjande lysstoffrøyr til moderne LED-lys. Dei nye LED-lysa bruker langt mindre energi per armatur i tillegg til at me kan gå ned på mengd armatur pga. auka lysstyrke i dei.

Omfanget av sjølve utskiftinga per bygg, som t.d. på skular, er innfløkt då utskiftinga gjelder armatur med vanlege lysstoffrøyr som ein finn klasserom/kontor til mindre lysstoffrøyr som ein finn i lamper i bodar/kott etc. Noko kan vera utskifta allereie medan andre ikkje er nødvendige å skifta ut. Det er forventa at me etter fyrste året vil vera i mykje betre stand til å anslå samla storleik på prosjektet.

### **Bygg – rammeløyving**

Sogndal kommune forvaltar ein betydeleg eigedomsmasse. Det er god økonomiforvaltning å vedlikehalde og heve standard på eksisterande bygg. Stadig aukande krav og nye reglar, samt pålegg som følgje av tilsyn frå m.a. miljøretta helsevern utløyser eit løpande investeringsbehov. Ved å ha ei rammeløyving til mindre bygginvesteringar får ein prioritert prosjekt uavhengig av drifts-/vedlikehaldsrammer og får høve til å vurdere behova opp mot kvarandre. Det er sett av 9,5 mill. kr i slik rammeløyving for kvart år i økonomiplanperioden. Det er gjennomført ei byggkartlegging som gir ei samla oversikt over bygningsmassen og behov for investering i kommunale bygg.

### **Veg – rammeløyving**

Kommunal transportplan inneheld status på vegane våre og investeringsbehov i åra som kjem. Ved å ha rammeløyvingar til investeringar vil me kunne løyse eigenfinansiering til trafikktryggingstiltak, maskinkjøp og vegutbetringar på ein smidig måte. Det er sett av ei ramme på 9,5 mill. kr for kvart år i økonomiplanperioden.

### **Vatn og avlaup – rammeløyving**

Investeringar innanfor vatn og avlaup (VA) er budsjettert utan mva. Dette på grunn av mva-regelverket. Omfang av samla investeringsnivå er vidare lagt inn i sjølvkostgrunnlag og ligg til grunn for fastsetting av gebyrsatsar for VA. VA-prosjekt er i så måte sjølvfinansierande. Det er sett av ei rammeløyving til ulike prosjekt for avlaup og reinsing og ei rammeløyving til ulike prosjekt for vassforsyning. Når samla hovudplan for VA ligg føre vil denne planen i større grad styre prioriteringa mellom konkrete prosjekt. Det kjem også nye lovkrav til VA-sektoren som vil påverke investeringsbehovet innanfor dette området framover. I planperioden er det lagt inn 15 mill. kr til avlaup og 20 mill. kr. til vatn.

### **Grunnkjøp/sal – rammeløyving**

1 mill. kr. årleg i ramme til kjøp og sal av mindre eigedomar i samband med oppmåling, utskiftning osv.

### **Eigenkapitaltilskot til KLP**

2,8 mill. kr årleg

### **Investeringsbehov kyrkjeleg felle råd**

1 mill. kr årleg

### **Symjebasseng Leikanger**

Kommunestyret vedtok i møte 13. juni 2024:

- 1. Som del av arbeidet med budsjett- og økonomiplan 2025-2028 skal bygging av eit symje-, øvings- og terapibasseng på Leikanger utgreiast.*
- 2. Det vert mobilisert innbyggarmedveknad for å samle inn synspunkt og idear på utgreiingsarbeidet.*
- 3. Aktuelle element i eit mandat for utgreiingsarbeidet kan vere:*
  - Alternative lokaliseringar, omfang/innhald, planløyving,*
  - Kostnader med ulike alternative løysingar.*
  - Finansieringsplan – tidsplan.*
  - Tidsplan: alternative forslag.*

Denne typen utgreiingar må finansierast over driftsbudsjettet sidan det ikkje er endeleg vedtak på investeringsløyving. Utgreiinga ligg difor ikkje inne i lista over investeringsprosjekt. Utgreiinga er føresettt løyst innanfor ramma til sektor samfunn i 2025.


## 9. Prishefte 2025 – regulering

Prishefte for Sogndal kommune for 2025 er vedlagt.

På ein del tenesteområde er det forskriftsfesta at kommunale gebyr skal fastsetjast innanfor rammer av sjølvkost. Dette gjeld slamtømming, kommunal renovasjon, vatn og avløp, private reguleringsplanar, oppmålingstenester og byggesak.

For 2025 er det tilrådd ein auke av kommunale årsgebyr innanfor vatn og avløp. Med minimumsnivået på investering skildra i hovudplan for drikkevatt (og prognose for dette på avløp) så vil gebyra auke drastisk frå om lag 2027. Det vert lagt opp til stegvis auke i gebyra. Bakgrunn for å auke gebyra stegvis frå og med 2025 (i storleiksorden 5 prosent på vatn, 15 prosent på avløp) er for å flate ut prisveksten over økonomiplanperioden. Avløp har eit så lågt gebyr at 15 prosent utgjer om lag same krone-endinga som 5 prosent på vatn.

Tabell 9: Momentum sjølvkost



Gebyrendring fra året før	2025	2026	2027	2028	2029
Vatn	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	2,5 %
Avløp	13,0 %	13,0 %	15,0 %	15,2 %	6,2 %
Renovasjon	0,0 %	7,9 %	4,5 %	4,5 %	4,4 %
<b>Samlet endring</b>	<b>10,4 %</b>	<b>8,2 %</b>	<b>9,0 %</b>	<b>9,4 %</b>	<b>4,2 %</b>

Kjelde: Momentum sjølvkost, Sogndal kommune 03.09.2024

Frå 1. august 2024 er maksprisen 1 500 kroner for ein barnehageplass. Maksprisen gjeld for alle typar barnehagar, uavhengig av om dei er offentlege eller private. Grensa er fastsett av Stortinget. Kommunen kan tilby foreldre ein lågare pris enn maksprisen. Barnehagane kan krevje betaling for kost (matpengar) i tillegg til maksprisen. Makspris for betaling av opphald og praktisk bistand vert fastsett av departement eller i forskrift. Andre satsar vert justert med kommunal deflator.

Leigepris for kommunale utleigebustader og omsorgsbustader vart frose frå 2023 til 2024. I tillegg vart dei høgste utleigeprisane for kommunale bustader redusert ved framlegg i 2. tertial 2024 samt at det er vert satt eit tak på utleigeprisar til 15.000 (2024-prisar). Årsaka var at over tid er leigeprisen for enkelte bustadar vorte så høg at det ikkje er samsvar med bustadsosiale mål.

Det vert anbefalt å vidareføre prisnivået frå 2024 også for 2025. Hensikta er å vidareføre omsynet til mål for bustadsosialt arbeid og avhjelpe vanskelegstilte på bustadmarknaden i ei tid der det generelt er høge levekostnader. Konsekvensen er berekna til om lag 850 000 i tapt inntekt for 2025. Dette er omsynteke og innarbeida i budsjettet.

Tidlegare år har matpengane blitt justerte etter generell prisvekst, men dei siste åra har prisveksten på mat vore vesentleg høgare enn generell prisvekst. For å kompensere for noko av kommunen sin kostnadsauke er det difor tilrådd ein auke av matpengane med 10 prosent. For å få eit heilskapleg bilete vil det i løpet av 2025 bli gjennomført ei gjennomgang av inntekter og kostnader knytt til mat.

Løyvegebyr for alkoholhaldig drikk ved enkelanledningar er teke inn i gebyrhefte. Gebyra er regulert av alkoholforskrifta kapittel 6 og omtalt i rusmiddelpolitisk handlingsplan for Sogndal kommune.

Frå 1. mai 2025 blir meirverdiavgiftssatsen for både vatn og avløp redusert frå 25 prosent til 15 prosent. Denne endringa vil påverke alle abonnentar, då ho blir reflektert i årsavgifta og tilknytingsgebyra for både vatn- og avløpstenester, i tråd med regjeringa sitt forslag.

Det er innført eit kommunalt tillegg på kr 175 på renovasjonsgebyret. Tillegget skal bidra til å bygge opp nødvendige fondsmidlar for noverande og framtidige tiltak knytt til renovasjon. Bakgrunnen for dette er behovet for omfattande arbeid med opprydding og sikring av gamle avfallsplassar, som krev både planlegging og tilstrekkelege ressursar.

Nytt punkt om festeavgifter for graver er teke inn, vedteke av Sogndal kyrkjelege fellesråd i sak 029/19. Avgiftene skal aukast med konsumprisindeksen frå 2026.

Utover satsane som nemnt over og for satsar som fastsett i statsbudsjettet prisane justert med tilsvarande prinsipp for prisregulering som tidlegare år.